


ÅRSMELDING  
FOR  
MILJØVERNAVDELINGA  
1990



MILJØVERNAVDELINGA  
Fylkeshusa Tlf. 072 - 58 000  
6400 MOLDE

## SAMANDRAG

Regjeringa/Miljøverndepartementet sitt overordna mål er å sikre ei bererkraftig utvikling i forholdet mellom natur og menneske til beste for helsa og velferden til oss alle. Brundtland-kommisjonen rår til at det skal takast omsyn til dette målet ved alle avgjerder som har innverknad på natur og økologi. For å få i gang ei utvikling mot dette målet er det nødvendig at alle sektorar og verksemder tek ansvar for sine eigne miljøproblem, og sjølv finn fram til korleis dei kan drive i harmoni med naturen både på kort og lang sikt. Mange tek denne utfordringa på alvor og gjer ein hederleg innsats for å få til ei bererkraftig utvikling i forhold til økologi så vel som økonomi.

På den lokale politiske arenaen er miljøomsynet framleis ofte berre fine talemåtar. At miljøomsyn jamt over blir prioritert lågare enn t.d. småbåthamner, illustrerer godt kor miljøvernnet står på rangeringslista til politikarane. Ser vi på det som blir prioritert i dag: næringsverksemd, helse, kommunikasjon osb. så har alt dette til siktet mål å gjøre livet lettare og rikare for oss som lever i dag. Det er rett fram skremmande å sjå kor lite omsut politikarane har for dei generasjonane som kjem etter oss.

Det må derfor arbeidast målretta for haldningsendringar. Da kan kanskje generasjonsskifte i politiske fora vere den snunaden i miljøvernarbeidet som er turvande.

## NATURVERN

Naturvern er ein kontinuerleg prosess og ikkje først og fremst eit arbeid mot eit endeleg mål. Dei viktigaste oppgåvene avdelinga arbeider med er:

- Sikring av naturtypar, dyr og fuglar ved områdevern
- Forvalte områda slik at verneverdiene vert haldne ved like
- Fremje omsynet til natur og økologi i planleggjingsa
- Sikre vassdraga som funksjonelle økosystem
- Betre kunnskapen om naturvern gjennom forsking og overvakning
- Betre informasjonen om naturvern

I 1988 vart 42 våtmarksområde verna i Møre og Romsdal. I 1990 vart arbeidet med grensegang og merking avslutta, og erstatningssakene er avslutta i 31 område. 10 av sakene vart løyst med minneleg ordning, mens det vart halde 21 skjønn. I Hostadvatnet i Fræna kommune og Nysætervatnet i Ørskog og Vestnes kommunar har grunneigarane reist sak mot staten for å prøve om vernevedtaka er gyldige.

Det er etablert oppsynsteneste i mange av verneområda i fylket, men ressursmangel gjer at nokre står att. Det er fastsett 22 oppsynsregionar i fylket, der dei fleste omfattar fleire verneområde.

Verneplan for myr er ferdigbehandla, og når kostnadsvurderingane er gjort, vil verneplanen bli fremma for endeleg vedtak i Regjeringa. Verneplanen for edellauvskog er under arbeid, og fagrappporten med skildring og verdivurdering av dei ulike lokalitetane er snart ferdig. Rapporten vil bli lagt fram for grunneigarane og andre interesserte før verneplanutkastet vert utarbeida. Verneplan for sjøfugl har ikkje hatt framdrift i 1990. Dei botaniske registreringane til verneplan for barskog vart gjennomført i Møre og Romsdal i 1990, men rapporten er enno ikkje publisert.

Trollheimen landskapsvernområde og Svartåmoen naturreservat vart oppretta i 1987. Det er tilsett oppsyn i heil stilling med kontorstad i Rindal. Oppsynet har fått delegert alle fullmakter som lovverket gir rom for. Det har også i 1990 skjedd inngrep i verneområdet i strid med vernereglane, men godt oppsyn og samarbeid med interesserte partar har betra tilhøva. Det er enno noko ulovleg køyring med motorkøyretøy i verneområdet. Samarbeidsutvalet for Trollheimen har hatt tre møte.

På Veøya held skjøtselsarbeidet fram, men mangel på ressursar gjer at framdrifta ikkje er i samsvar med skjøtselsplanen.

Mangel på kapasitet har hemma arbeidet med plan- og innrepssaker. Miljøvernadelinga har prioritert innspel til kommune- og reguleringsplanar, samarbeid med planavdelinga i fylkeskommunen og innspel til Statens vegvesen i samferdselsaker. Det er utarbeida ein kartfesta status for 178 elveutløp i fylket. Leveområda til truga og sårbarer artar er etter beste evne forsøkt sikra gjennom innspel til ulike planar. I tillegg er arbeidet med registrering av sårbarer artar gjennomført på same nivå som tidlegare år.

Dette samandraget inneheld ein kort presentasjon av dei viktigaste sakene og hendingane i 1990 innafor dei fagområda som miljøvernadelinga har forvaltingsansvaret for. Dei største utfordringane innafor miljøvernforvaltinga er òg nemnde.

## **FRILUFTSLIV**

Møre og Romsdal har eit rikt tilbod på gode friluftsområde. Særleg er turområda av god kvalitet. Gode badeplassar er det færre av, og inne i fjordane er ofte elveosane dei einaste gruntområda som høver til bading. Båtutfarten i fylket er stor, og dei fleste kommunar har eller vil få tilbod om gjesteplassar i småbathamner. Opparbeidde landstigringsplassar på populære utfartsholmar er mangelvare, likeeins gode sanitærløysingar for båtfolket. Å sikre og tilrettelege nærområde for friluftsliv i byar og tettstader har høg prioritet i miljøforvaltinga. I praksis er dette eit vanskeleg arbeid, da mange av dei attraktive nærområda og er attraktive for utbyggingsformål.

Handlingsprogram for friluftslivet, som m.a. budsjetterer dei statlege tilskottsmidlane til friluftsliv, vart revidert i 1990. Det er stor interesse i kommunane for å få tildelt tilskottsmidlar. Det vart fremma 10 søknader om tilskott til kjøp av friluftsområde, og 76 søknader om midlar til planlegging og opparbeiding. Dei aller fleste søknadene var til gode prosjekt i samsvar med målsettingane for friluftslivsarbeidet. Men dei tildelte rammene til planlegging og opparbeiding er avgrensa. Berre 9% av opparbeidningssøknadene vart derfor innvilga.

I dei fleste kommunane er motorferdsel i utmark eit lite problem. Fylkesmannen har tilsyn med dispensasjonspraksisen i kommunane. Nokre av kommunane fekk merknader, og 3-4 klagesaker vart handsama av Fylkesmannen.

## **VERN MOT FORUREINING**

I Møre og Romsdal blei det ikkje registrert oppblomstring av giftige algar i sjøen i 1990. Det blei heller ikkje påvist oppblomstring av giftige blågrønalgar i dei vassdraga der dette er observert tidlegare.

I nasjonale planar for opprydding i kloakksektoren har Møre og Romsdal

til no vore lågt prioritert. Full opprydding skal vere gjennomført før år 2000. I 1990 blei prosjekt på til saman 25 mill kr finansiert. Det står att investeringar på meir enn 500 mill kr. Nødvendig temposkifte i fylket er derfor enno ikkje gjennomført.

I 1990 blei det vedtatt forskrifter som krev ADK1-sertifikat for arbeidsleiarar ved arbeid med kloakkkleidningar. Det blei oppretta kurs tilbod ved Vestnes vidaregåande skule.

Landbrukssetaten har fått større oppgåver når det gjeld miljøvern/forureining frå landbruket. Fylkesmannen har derfor endra kontrollpraksis noko. I 1990 har silokontrollen i hovudsak vore elvekontrollar. Det var mindre forureining i vassdraga enn tidlegare år. Lite nedbør og dermed mindre pressaft kan og vere ein medverkande årsak til dette. Hausten 1990 delegerte fylkesmannen til jordbruksjefane å gje dispensasjon frå nye forskrifter om husdyrgjødsel.

Fiskeoppdrettsanlegg som flyttar, jf Sunnmørsmodellen, må ha nye utsleppsløyve. Forureiningsforholda omkring oppdrettsnæringa er stort sett blitt betre dei siste åra pga utflytting frå dei därlegaste lokalitetane. Ein gjennomgang av settefiskanlegga i fylket synter at mange anlegg ikkje hadde følgd opp vilkår om evt reinsing og utslepp på ein fullgod måte. Mange av lakseslakteria i fylket har ikkje tilfredsstilande reinsing.

## AVFALL OG ATTVINNING

I 1990 leverte alle kommunar på Sunnmøre, unntatt Sande, forbruksavfallet til Tafjord Kraftselskap sitt forbrenningsanlegg på Grautneset.

Sommaren 1990 avslutta Kristiansund kommune fyllplassen for forbruksavfall i Hagelin. Kristiansund og Frei kommunar leverer no forbruksavfallet til RIR sitt anlegg i Molde. Kommunane på Indre Nordmøre, samt Kristiansund og Frei heldt fram med arbeidet med å planlegge ein ny felles avfallspllass.

Arbeidet med å få til eit nasjonalt system for spesialavfall tok fart i 1990. Det blei oppretta nye mottak i Møre og Romsdal. Fylkesmannen fekk nye oppgåver i samband med spesialavfall. Innsamlingsordninga for småbatteri heldt fram. Kommunane fekk og ansvar for å etablere ordninga for mottak av bilbatteri. Ordninga for bilbatteri er enno ikkje godt nok utbygd.

I mange kommunar blei det i 1990 sett i gang mottak eller innsamlingsordningar for papir og glas. Det blei og etablert nye firma som driv med sentralsortering av avfall, for å plukke ut fraksjonar som kan attvinnast (papp, papir, plast, metall, tremateriale osv).

## FISKEOPPDRETT

Problema som knytter seg til fiskeoppdrett grip inn i heile fagspektret på miljøvernavdelinga. I strategisk plan for 1990-1993 er derfor temaet fiskeoppdrett knytta til fire av dei seks hovudmiljøutfordringane i fylket. (Vassdrag, avfall, laks og kyst- og fjordområde).

I 1990 behandla fylkesmannen 54 søknader om konsesjon for nye lokaltetar, samdrift og utvidingar for matfiskanlegg for laks og aure. Det har vore behandla to settefisk-, tre sjørøye- og fem saker for marine artar. I tillegg er det behandla 31 andre saker som klagesaker, fiske-

sperre i vassdrag, fråsegner m.v. Totalt har vi frårådd etablering i 10 av sakene, men vi har i praksis avklara mange saker før søknad er sendt, slik at nye og mindre konfliktfylte lokalitetar er valt.

I alt 13 matfiskanlegg er kontrollert i lag med fiskerisjefen og fylkesveterinæren. For å handheve vilkåra i utsleppsløyva er det gjeve åtte pålegg, og forureiningsgebyr har vore nytta i fem tilfelle. Eitt oppdrettsanlegg er meldt til politiet for brot på forureiningslova og eitt for brot på lakse- og innlandsfiskelova og vassdragslova.

Omfattande problem med furunkulose og mangel på effektiv vaksine, fører til høgt forbruk av antibiotika. I tillegg til skadeverknadene pga av rømming av fisk er ringverknadene ved bruk av antibiotika truleg det største miljøproblemet i samband med oppdrett av laks og regnbogeaure i vårt fylke.

Mange av matfiskanlegga for laks og aure fekk nye utsleppsløyve i løpet av året med innskjerpa krav til avfallshandtering og ein 3-årsplan for disponering av lokalitetane. Nye lokalitar er i stor grad lagt til gode resipientar, og der det har vore mogleg er utsleppsløyver for gamle "dårlege" lokalitetar trekt attende.

Etter innføring av skjerpa krav til daudfiskhandtering og disponering har det vore ein betydeleg auke i talet på anlegg som har skaffa seg utstyr for opptak, ensilering og gjenvinning av daudfisk. For mykje av avfallet blir ikkje gjenvunne og hamnar i fyllingar.

Bygging av fiskesperrer i vassdrag i samband med settefiskanlegg for å hindre at smittsomme fiskesjukdommar kjem inn i anlegga, var eit nytt tiltak innan næringa som trugar bestandar av laks og sjøaure.

Etter det første året med bruk av Sunnmørsmodellen i matfiskanlegga, er erfaringane våre noko blanda. Vi meiner at det har vorte lagt for stor vekt på å ha skilde lokalitetar i høve til andre viktige element som daudfiskhandtering, veterinærteneste og smittehygienisk skilje i drifta. Det har dessutan vore for lite samarbeid og samlokalisering i ein del kommunar. Dette har ført at svært mange lokalitetar er tekne i bruk, og pga. tidspress vart det gjeve mange løyve før kommunar og lokalbefolkinga fekk vurdere søknadene. Dette har skapt mange unødige konfliktar, og bør ikkje skje seinare år.

## FORVALTING AV ANADROM FISK

Den negative utviklinga i statistikken for fangst av laks og sjøaure har ikkje synt ei nemneverdig betring i dei siste åra. Det er og for tidleg å rekne med at dei ulike tiltaka som er gjennomførte i samband med reguleringar i dette fisket, skal gje utslag i statistikken. I nokre elvar har det likevel synt seg at mellomlaks (3 - 5 kg) er meir vanleg i fangstane no enn på mange år, og gjennomsnittsvekta på sjøauren har auka. Det er gjennomført ei rekke tiltak for å regulere fisket i elv og sjø slik at utnyttinga skal bli meir bestandsretta enn tidlegare.

Det er gjennomført ei høyring for å forenkle og harmonisere forskriftena som regulerer fisket i fredingssoner utanfor elvar. Til no har ein hatt 47 forskrifter som regulerer desse sonene. Målet er at det skal utformast ei forskrift for alle sonene. Til saman vil denne regulære fisket i munningsområdet for 95 vassdrag her i fylket.

Det er i 1990 gjeve til saman 28 løyve til fiske etter stamfisk av laks og sjøaure. Resultata ligg enno ikkje føre.

Det er i fleire år observert rømt oppdrettsfisk i elvane, og etter det vi kjenner til er det ikkje skjedd noko betring i denne situasjonen. Det er ei kjensgjerning at slik fisk spreier sjukdom. Ein er òg redd for at rømt oppdrettsfisk tek del i reproduksjonen saman med stadeigen vill fisk, og på denne måten får ein negativ innverknad på den einskilde laksestamma sitt arvemateriale.

Fylkesmannen har satt igang eit program for å kunne overvake fiskebestandane i seks vassdrag i fylket. Dette arbeidet vil vare ved i ei rekke år framover.

Fiskeforvaltaren har teke del i internasjonalt samarbeid for forvalting av vill laks (NASCO). Vidare har han vore utnevnt som medlem i eit utval som har hatt som mandat å finne fram til ulike metodar for gjenfangst av rømt laks frå oppdrettsanlegg.

Til saman 19 vassdrag er eller har vore ramma av lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Møre og Romsdal. Direktoratet for naturforvalting (DN) har bedt fylkesmannen om å gjennomføre tiltak for å begrense og redusere utbreiinga til denne partasitten. Til no er tiltak for å utrydde parasitten blitt gjennomført i åtte vassdrag, og av desse er eitt erklært fritt for G. salaris.

I samarbeid med DN er det gjennomført ymse tiltak for sikring av trua fiskestammer. Til no er laksestamma i 24 vassdrag representert i ein "genbank" for laks. I tillegg er ni fiskestammer oppbevart i ein "levende genbank" for laks.

## VILTFORVALTING

Første utgåva av viltkartet, kalla Naturatlas - vilt, blei ferdig våren 1989. Viltkartet er digitalisert, og teikna ut i målestokkane 1:50.000 og 1:300.000. Naturatlas er sendt viltnemnder, kommunar, landbrukskontor og andre både lokale og sentrale styresmakter for å gjere det mogleg å ta omsyn til viltet i arealplanleggjingga.

Ei lang rekke kommune- og reguleringsplanar samt større regionale planar for arealbruk er behandla ut frå omsynet til viltet. Konflikten mellom vegbygging og padder ved Littvatnet i Volda var likevel den arealsaken som fekk breiast omtale i media i 1990.

Til no har det vore dei statlege viltnevndene i kvar kommune som har vore forvaltingsorgan for vilt på kommunalt nivå. Prøveprosjektet med miljøvern i kommunane (MIK) har mellom anna ført med seg at vi har fått ei kommunal viltnevnd i Surnadal som den første her i fylket.

Det blei lagt stor vekt på informasjon om forvalting av hjortevilt på fellesmøte for viltnevndene. I november blei det halde eit to-dagars kurs om rådyrforvalting. Det var Skogbrukets kursinstitutt som stod for kurset, og alle viltnevndene var inviterte.

Fellingstala for hjort og rådyr ser ut til å vere noko høgare i 1990 enn dei var i 1989. Oppsummering av resultata frå innsamlinga av kjever og kjønsorgan frå hjort på Nordmøre i 1989 viser at kondisjon og formeringsevne hos hjorten på Nordmøre er om lag slik den var i 1983 og 1985 da det blei gjort liknande granskningar.

I 1989 blei det skote fleire gråhegrar i ein hekkekoloni i nærleiken av eit fiskeoppdrettsanlegg. Avlivinga skjedde utan løyve frå vilt-nemnda. Saken kom opp i Herredsretten i 1990, og viltforvaltaren stilte som vitne for påtalestyresmakta. Tiltalte blei frifunne. Saka blei derfor anka, og endeleg dom lå ikkje føre ved utgangen av året.

Det var vesentleg høgare aktivitet av jerv i Sunndal i 1990. Dei tre fylkesmennene som har del i Dovre/Rondane jerveforvaltings- område hadde fått delegert mynde til å gje fellingsløyve på ein jerv dersom jerven gjorde vesentleg skade på bufe. I siste del av beitesesongen gjorde jerven vesentleg skade på sau i Grøvudalen/Svarthaugen-området i Sunndal kommune.

Da fylkesmannen ville sette i verk fellingsløyvet, greip DN inn og tok frå fylkesmannen mynde til å setje i verk jakt på jerv i Sunndal kommune. I staden blei det løyvd kr 75.000,- i tilskot for å dekkje eks-traarbeid med tidlegsanking og ekstra førkostnadar fram til ordinært sanketidspunkt. Sauheeigarane i Sunndal var ikkje nøgde med ordninga.

Jegerprøeveavviklinga fungerte tilfredsstillande. Om lag 500 kandidatar gjekk opp til teoretisk eksamen. Eksamens blei avvikla i 33 av dei 38 kommunane i fylket. Ved utgangen av året var det om lag 15.000 registrerte jegerar her i fylket.

Det blei behandla tre ulike søknadar om oppdrett av hjort i inn-hegning. Desse søknadane gjaldt eit anlegg i Stranda, eit i Nesset og eit i Tustna. Ingen av desse tre søknadane blei innvilga.

#### ADMINISTRATIVE TILHØVE

Saksmengda innanfor dei ymse fagsektorane berre aukar og aukar. Vi opplever òg at enkelte saker blir så store og omfattande at dei tar all kapasitet. Vi prøver å ráde bot på dette problemet ved planlegging og prioritering. Men det nyttar berre ikkje, og etterslep av uløyste oppgåver berre aukar. Erstatningssakene i samband med våtmarksplanen er eit godt døme på det. I 1990 har vi hatt 21 skjønnssaker der fleire hundre partar har vore blanda inn. Førebuing til rettssaker på to vernevedtak har òg kravd stor ekstrainnsats. Oppgåvene har kravd meir enn to årsverk.

Den pressa arbeidssituasjonen fører òg til at det er lite tid til å sende dei tilsette på kurs og på andre måtar sjå til at dei held seg ajour med utviklinga på sine fagområde. I 1990 var det sett av midlar slik at alle fagmedarbeidarane skulle få høve til å delta på eit vanleg tredagars fagkurs, men det var få som fann at dei hadde høve til å dra fordel av tilbodet.

I 1990 var det 13 fast tilsette fagmedarbeidarar i avdelinga, i tillegg var det utført om lag åtte årsverk av engasjert personale, inkludert fire månadsverk utført av ein praktikant. I alt 10 personar har vore engasjerte. Dei åtte årsverka utført av dei engasjerte saman med 13 årsverk utført av fagstillingane utgjer 21 årsverk med fagar-beid. I tillegg kjem kontorstillingane med tre årsverk.

Eit samandrag for rekneskapen for 1990 er vist nedanfor:

Sum utgifter på ordinært budsjett:	kr 4.803.250,27
Sum utgifter posteringsfullmakter:	" 8.080.092,13
Sum tilvist belastningsfullmakter:	" 1.237.655,00
<hr/> <b>Utgifter totalt:</b>	<b>kr 14.120.997,40</b>

Arbeidet med å støtte og rettleie MIK-kommunane i fylket har halde fram. Alle dei fire kommunane er ferdige med første utgåva av sine ressurs- og miljøvernprogram. Det vart halde møte i fylkesforumet for kommunalt miljøvern i Ålesund den 03.12.1990.

Miljøvernadelinga har på ymse måtar samarbeidd med fylkeslegen om å fremje miljøretta helsevern og med fylkesskolesjefen om å fremje miljøundervisninga i skolen.

INNHOLDSFORTEGNELSE

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. INNLEIING	1
2. NATURVERN	2
2.1 VERNEPLAN FOR VÅTMARK	2
2.1.1 Mål	2
2.1.2 Tiltak	2
2.1.3 Resultat	3
2.2 ANDRE VERNEPLANAR	3
2.2.1 Mål	3
2.2.2 Resultat	4
2.3 TROLLHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE	4
2.3.1 Mål	4
2.3.2 Tiltak	5
2.3.3 Resultat	5
2.4 VEØY LANDSKAPSVERNOMRÅDE	5
2.4.1 Mål	5
2.4.2 Tiltak	6
2.4.3 Resultat	6
2.5 NASJONALPARKUTREDINGA	6
2.5.1 Mål	6
2.5.2 Tiltak	6
2.5.3 Resultat	7
2.6 FORVALTING AV VERNA OMråDER	7
2.6.1 Mål	7
2.6.2 Tiltak	7
2.6.3 Resultat	8
2.7 INNGREPS- OG PLANSAKER	8
2.7.1 Mål	8
2.7.2 Tiltak	8
2.7.3 Resultat	9
2.8 INFORMASJON, EDNA/FRIDA	9
2.8.1 Mål	9
2.8.2 Tiltak	9
2.8.3 Resultat	10
2.9 TRUA OG SÅRBARE ARTAR	10
2.9.1 Mål	11
2.9.2 Tiltak	11
2.9.3 Resultat	11
3. FRILUFTSLIV	12
3.1 HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET	12
3.1.1 Mål	12
3.1.2 Tiltak	12
3.1.3 Resultat	13

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
3.2 TILSKOTTSSAKER	13
3.2.1 Mål	13
3.2.2 Tiltak	13
3.2.3 Resultat	13
<b>4. VERN MOT FORUREINING</b>	<b>14</b>
4.1 TILSTANDSRAPPORT VASSFORUREINING	14
4.1.1 Mål	14
4.1.2 Status	14
4.2 KOMMUNAL KLOAKK	15
4.2.1 Mål	15
4.2.2 Tiltak	15
4.2.3 Resultat	16
4.3 LANDBRUKSFORUREINING	16
4.3.1 Mål	16
4.3.2 Tiltak	16
4.3.3 Resultat	16
4.4 FORUREINING FRÅ FISKEOPPDRETT	17
4.4.1 Mål	17
4.4.2 Tiltak	17
4.4.3 Resultat	18
4.5 FORUREINING FRÅ INDUSTRI	18
4.5.1 Mål	18
4.5.2 Tiltak	18
4.5.3 Resultat	19
4.6 LUFTFORUREINING	19
4.6.1 Mål	19
4.6.2 Tiltak	19
4.6.3 Resultat	19
4.7 STØY	20
4.7.1 Mål	20
4.7.2 Tiltak	20
4.7.3 Resultat	20
<b>5. AVFALL OG ATTVINNING</b>	<b>21</b>
5.1 FORBRUKSAVFALL	21
5.1.1 Mål	21
5.1.2 Tiltak	21
5.1.3 Resultat	22
5.2 PRODUKSJONSAVFALL	22
5.2.1 Mål	22
5.2.2 Tiltak	22
5.2.3 Resultat	23
5.3 SPESIALAVFALL	23
5.3.1 Mål	23
5.3.2 Tiltak	23
5.3.3 Resultat	23

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
5.4 ATTVINNING	24
5.4.1 Mål	24
5.4.2 Tiltak	24
5.4.3 Resultat	24
6. FISKEOPPDRETT	25
6.1 NYE LOKALITETAR	25
6.1.1 Mål	25
6.1.2 Tiltak	26
6.1.3 Resultat	26
6.2 FØREBYGGING AV SJUKDOM	26
6.2.1 Mål	27
6.2.2 Tiltak	27
6.2.3 Resultat	27
6.2.4 Andre tilhøve	28
7. FORVALTING AV FERSKVASSFISK	29
7.1 FISKET ETTER LAKS OG SJØAURE	29
7.1.1 Mål	29
7.1.2 Tiltak	29
7.1.3 Resultat	29
7.2 FORENLING OG HARMONISERING AV FISKEFORSKRIFTENE	29
7.2.1 Mål	30
7.2.2 Tiltak	30
7.2.3 Resultat	30
7.3 SØKNADER OM LØYVE TIL STAMFISKE ETTER LAKS OG SJØAURE	30
7.3.1 Mål	30
7.3.2 Tiltak	30
7.3.3 Resultat	31
7.4 TRUSSELEN RØMT OPPDRETTSFISK	31
7.4.1 Mål	31
7.4.2 Tiltak	31
7.4.3 Resultat	32
7.5 FAGLEG ENGASJEMENT NASJONALT OG INTERNASJONALT	32
7.5.1 Mål	32
7.5.2 Tiltak	32
7.5.3 Resultat	32
7.6 OVERVAKING AV LAKS OG SJØAUREBESTANDANE.	32
7.6.1 Mål	33
7.6.2 Tiltak	33
7.6.3 Resultat	33
7.7 LAKSEPARASITTEN GYRODACTYLUS SALARIS	33
7.7.1 Mål	33
7.7.2 Tiltak	33
7.7.3 Resultat	34
7.8 SIKRING AV TRUA FISKESTAMMER	34
7.8.1 Mål	34

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
7.8.2 Tiltak	34
7.8.3 Resultat	34
7.9 KARTLEGGING AV FERSKVASSFISKRESSURSEN I FYLKET	34
7.9.1 Mål	35
7.9.2 Tiltak	35
7.9.3 Resultat	35
<b>8. VILTFORVALTING</b>	<b>36</b>
8.1 VERN OM VILTARTANE OG DEIRA LEVEOMRÅDE	36
8.1.1 Mål	36
8.1.2 Tiltak	36
8.1.3 Resultat	36
8.2 FAGLEG STYRKING AV VILTNEMNDENE OG KOMMUNANE	37
8.2.1 Mål	37
8.2.2 Tiltak	37
8.2.3 Resultat	37
8.3 MÅLRETTA STORVILTFORVALTING	37
8.3.1 Mål	37
8.3.2 Tiltak	38
8.3.3 Resultat	39
8.4 BETRE ÅLMENTA SITT JAKTTILGJENGE	39
8.4.1 Mål	39
8.4.2 Tiltak	39
8.4.3 Resultat	39
8.5 REDUKSJON AV KONFLIKT MELLOM VILT OG AKVAKULTUR	39
8.5.1 Mål	40
8.5.2 Tiltak	40
8.5.3 Resultat	40
8.6 ROVVILTREGISTRERINGAR OG ROVVILTSKADE PÅ BUFE	40
8.6.1 Mål	40
8.6.2 Tiltak	41
8.6.3 Resultat	41
8.7 JEGEROPPLÆRING	42
8.7.1 Mål	42
8.7.2 Tiltak	42
8.7.3 Resultat	42
8.8 BETRING AV JAKTMORALEN	42
8.8.1 Mål	42
8.8.2 Tiltak	42
8.8.3 Resultat	43
8.9 BEHANDLING AV KLAGER PÅ VEDTAK I VILTNEMNDENE	43
8.9.1 Mål	43
8.9.2 Tiltak	43
8.9.3 Resultat	43
8.10 KONSESJONSBEHANDLING AV HJORTEVILTOPPDRETTSAKER	43
8.10.1 Mål	43
8.10.2 Tiltak	44

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
8.10.3 Resultat	44
8.11 BEHANDLING AV SØKNADER OM MIDLAR TIL LOKALE VILTTILTAK	44
8.11.1 Mål	44
8.11.2 Tiltak	44
8.11.3 Resultat	44
<b>9. ADMINISTRATIVE TILHØVE</b>	<b>45</b>
9.1 PERSONALE	45
9.2 REKNESKAP 1990	46
9.2.1 Posteringsfullmakter	47
9.2.2 Rekneskapssamdrag	48
9.3 YMSE	48

## 1. INNLEIING

1990 var eit godt arbeidsår for miljøvernnavdelinga. Folk flest viser aukande forståing og interesse for miljøvern. Brundtland-kommisjonen rår til at alle sektorar skal vere ansvarleg for sine eigne miljøvernproblem og sjølv finne fram til dei beste tiltaka for å bringe verksomda i harmoni med naturen både på kort og lang sikt. Denne utfordringa tar mange på alvor og gjer ein hederleg innsats for å få til ei berekraftig utvikling i høve til økologi så vel som økonomi.

Særleg gledeleg er det at mange offentlege forvaltingsorgan prioriterer miljøomsyn stadig høgare, og at dei på sin måte arbeider for å oppretthalde det gode miljøet vi framleis har her i fylket. Det kan nemnast at landbrukssektoren har gjennom mange program og aksjonar arbeidd for å redusere utslepp og å fremme miljøomsyn i landbruk og skogbruk. Naturfag og miljøfag vinn stadig terreng i skoleverket, og innan helseverket blir det lagt vekt på miljøretta helsevern.

Men enda er det lang veg att før natur- og miljøinteressene blir gjeve avgjerande vekt når det gjeld politiske avvegingar der miljøverninteresser vert sett opp mot andre samfunnsinteresser. Det er interessant å reflektere litt over kor miljøinteressene står i desse miljøa i høve til andre konkurrerande interesser.

Det hender ofte at miljøinteressene kjem i konflikt med tiltak som tar sikte på å etablere arbeidsplassar. I dag er det som regel ikkje mogleg å få i stand ein sakleg og sindig debatt om dei godene tiltaket fører med seg er verd konsekvensene for miljøet både på kort og lang sikt. Det er sagt at gull og kan kjøpast for dyrt. Den regelen synest ikkje å gjelde når ein skal vurdere arbeidsplassar mot naturverdiar.

At mange politikarar prioriterer arbeidsplassar høgare enn miljøvern, er forstaeleg slik stoda er i dag. Men også i valet mellom miljøvern og t.d. småbåthamner vert miljøvernet lite påakta i den politiske rangeringslista. Småbåthammene har ein klar tendens til å bli plassert på stader der dei kjem i konflikt med natur- og friluftsinteresser. Det kan vere i nærleiken av elveosar eller i viker som er brukt som badeplassar. Utfallet av slike saker ber vitnemål om at dei aller fleste politikarar også ser på småbåthamner som viktigare enn naturvern.

Når ein tenkjer etter korleis miljøvernet blir vektlagt i politiske vedtak i høve til sektorar som helse, skole, næring, kommunikasjon osb., så er det ikkje til å komme forbi at miljøvernet framleis ligg trygt langt nede eller nederst på lista. Alt som tar sikte på å gjøre livet lettare og rikare for den generasjonen som lever no og som lever på naturen sin kostnad, synest å vere prioritert hos dagens politikarar. Det er grunn til å spørje om egoismen i vår generasjon levner livsvilkår for dei generasjonane som skal komme etter oss.

## **2. NATURVERN**

Naturvern er ein kontinuerleg prosess og ikkje først og fremst eit arbeid mot eit endeleg mål. Dei viktigaste oppgåvene avdelinga arbeider med er:

- Sikring av naturtypar, dyr og fuglar ved områdevern
- Forvalte områda slik at verneverdiene vert haldne ved like
- Fremme omsynet til natur og økologi i planleggjingga
- Sikre vassdraga som funksjonelle økosystem
- Betre kunnskapen om naturvern gjennom forsking og overvaking
- Betre informasjonen om naturvern

### **2.1 VERNEPLAN FOR VÅTMARK**

Våtmark er i denne samanhengen i hovudsak vassdrag, innsjøar og gruntområde i sjøen som er viktige for fuglelivet. Våtmarker har ofte høg biologisk produksjon. Mange fuglearistar er avhengige av slike område både som hekkeområde og for å finne mat. På hausten er rike gruntområde i sjøen avgjerande for at mange trekkfuglar skal greie den lange flygeturen til overvintringsstadene. Der det er rikt fugleliv, er det ofte og rikt planteliv. Mange av dei sjeldnaste planteartane i fylket er knytte til våtmarker.

#### **2.1.1 Mål**

Planen vart stadfesta i statsråd den 23.05.88. Alle områda utanom Håsenøran i Sunndal kommune er godkjente i saman med tilrådinga frå fylkesmannen. Arbeidet med grensegang, merking, erstatning, informasjon og etablering av oppsynstenesta har sidan pågått kontinuerleg. Målsettinga var at dette arbeidet skulle vere sluttført ved utgangen av 1990.

#### **2.1.2 Tiltak**

Arbeidet med grensegang og merking vart starta opp alt i 1988, og fortsatte i 1989. Kostnadene varierte frå kr 10.000,- til kr 30.000,- pr område, alt etter storleik og topografi. Forhandlingar om minnelege ordningar om erstatningane vart starta opp hausten 1989 og fortsatte ut året 1990. Våtmarksplanen omfatta 42 område med i underkant av 1000 grunneigarar, og ca 50% kravde erstatning.

### **2.1.3 Resultat**

Ved årsskiftet var alt arbeid med grensegang og markering sluttført. Erstatningssakene har tatt langt meir tid enn kva som var venta. Fram til no er erstatningsspørsmålet sluttført i 31 område. 21 saker er avgjort heilt eller delvis med hjelp av skjønn, 10 saker ved minneleg ordning. 3 saker er anka til overskjønn, ein av grunneigarane og to av staten.

I to område, Hostadvatnet i Fræna kommune og Nysætervatnet i Ørskog og Vestnes kommunar, har grunneigarane reist sak mot staten for å prøve om vernevedtaka er gyldige. Dette fører til at vi må rekne med at erstatningssakene blir like tidkrevjande i 1991 som i 1990.

### **2.2 ANDRE VERNEPLANAR**

Arbeidet med det klassiske naturvernarbeidet er no prioritert etter følgjande langtidsplan:

Verneplantype	Registreringar tilrettelegging	Høyringar	Gjennom- føring
Våtmark	utført	utført	1988
Geologi, mineral	"	"	Gjennomført
Geologi, lausmassar	1987/88	1995	1996
Edellauvskog	1988	1991	1992
Myrtypar	1987	utført	1991
Sjøfugl	1987	1991	1992
Havstrand	1987	1995	1996
Barskog (rik furuskog)	1989/90	1991/92	1992/93
Landskapstypar	1988/90	1995	?
Trollheimen	utført	utført	Gjennomført 1987
Nasjonalparkplanen	1986	1991	1995
Reinheimen	1986	1991	1992
Landsdelsplan lynghei	-	-	-
Kulturbetinga naturtypar	-	-	-

#### **2.2.1 Mål**

Det har vore ei målsetting å gjennomføre dei fylkesvise verneplanane for ulike naturtyper innan utgangen av 1990. Denne framdrifta har det ikkje vore mogleg å oppfylle. MD har derfor sett som mål at dette arbeidet skal vere sluttført i alle fylke innan 1995. For Møre og Romsdal gjeld dette myr, edellauvskog, sjøfugl og landsplan for barskog.

Når det gjeld myrplanen, var lokale høyringar og alle synfaringar, også med det statlege myrutvalet, sluttført alt i 1988, og vi hadde rekna med sentral behandling og endeleg godkjenning av myrplanen i 1990. Når det gjeld edellauvskog, var feltregistreringar og skriving av utkast til fagrapporrt prioriterte oppgåver i 1989. Det viste at dei naturfaglege grunnlagsdata over viktige edellauvskogforekomstar i fylket var svert mangelfulle. Målet for 1990 var derfor å sluttføre dette arbeidet slik at lokal høyring kunne gjennomførast i 1991. På grunn av manglande kapasitet var ikkje framdrifta av sjøfuglplanen

prioritert, da vi rekna med at dei naturfaglege data som vart innhenta over sjøfuglbestandane i andre samanhengar, ville gje eit betre grunnlag for arbeidet med det endelige plandokumentet. Vi ser heller ikkje at det er så mange aktuelle inngrep som kan vere nokon trussel for sjøfuglområda.

Når det gjeld barskog, var registrering av aktuelle lokalitetar ei prioritert oppgåve og utført av NINA, avd. Ås. Registreringsrapporten for kalkfuruskog ligg føre, men det er naturleg at dette materialet blir sett i samanheng med den endelige rapporten for verneverdig barskog generelt.

Det ligg føre eigen fagrapport og utkast til fylkesvis verneplan for havstrand/deltaområde, men det var ikkje aktuelt med tiltak i 1990. Årsaka er at DN har vedtatt at desse naturtypane skal vurderast i landskapssamanheng. Framdrifta i dette arbeidet er ikkje kjent, og det kan ta tid før dei aktuelle områda i Møre og Romsdal blir verna. Mange av havstrendene er med i våtmarksplanen, men avgrensinga er vurdert ut frå anna verneformål (fugl) enn plantelivet. Dette kan medføre vanskar med gjennomføringa og behandlinga av dispensasjonar.

### **2.2.2 Resultat**

Verneplan for myr er ferdigbehandla, men dei siste vurderingane av kostnadene med gjennomføringa av planen er ikkje ferdig. Alle erstatningssaker i våtmarksplanen gir oss eit godt grunnlagsmateriale i den samanheng. Arbeidet med edellauvskogsplanen er ikkje ført så langt fram som rekna med. Det vil fortsatt gå med ca 2 månadsverk før utkastet til plandokument er klart til behandling etter dei nye reglane for planprosessen når det gjeld vern av naturområda. Sjøfuglplanen var ikkje prioritert, men det er innhenta mange verdifulle data i andre samanheng. Framdrifta i barskogplanen har gått som planlagt, men registreringsmaterialet ligg enda ikkje føre. For informasjonen til grunneigarane m.m. er dette uehdig.

### **2.3 TROLLHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

Trollheimen landskapsvernombude og Svartåmoen naturreservat vart stadfestet i statsråd den 11. desember 1987. Det vart også vedtatt å etablere eit samarbeidsutval der dei 6 kommunane og dei 2 fylkeskommunane er med. Utvalet har til oppgåve å sjå til at vernereglane blir haldne, og å gi råd til fylkesmannen når det gjeld dispensasjonar m.v. Det vart og vedtatt at det skal etablerast oppsyn på heiltid med kontorstad Rindal. Vanskar med å få tilsett oppsyn i kommersiell regi gjer at Fylkesmannen i Møre og Romsdal kjøper eit årsverk (naturforvaltar) av Midt-Norsk Ressursutvikling A/S med kontorstad Rindal.

#### **2.3.1 MÅL**

Eit viktig mål med forvaltinga av Trollheimen i 1989-90 har vore å etablere gode samarbeidsrutinar mellom det fast tilsette oppsynet, samarbeidsutvalet og fylkesmennene. Oppsynsteneste er administrativt tillagt Fylkesmannen i Møre og Romsdal for heile området, og det har vore vanskar med å få tilført nok pengar til å dekkje kostnadene. I samanheng med at grunneigarane i delar av Sør-Trøndelag og i Rindal

og Surnadal kommunar har reist erstaningssak mot staten, har det vore viktig å vurdere framtidig dispensasjonspraksis. Å fastleggje omfanget av den motoriserte ferdsel og å lette konflikten mellom grunneigarar og reindriftsnæringa, har også vore ei vanskeleg sakskompleks.

### **2.3.2 Tiltak**

Naturforvaltaren som har ansvaret for det daglege oppsynet, har prioritert arbeidet med å utforme rutinar for dispensasjonar, reglar for motorisert ferdsel og samarbeidet med utvalet. Det er også fremma fleire søknadar for å gjere budsjettsituasjonen klarare når det gjeld drifta. Vanskane er at utgiftene delvis blir dekt av vårt eige budsjett, resten av ramma på forvaltingsbudsjettet. Personleg kontakt med utøvarane i reindriftsnæringa må prioriterast. Arbeidet med forvaltingsplanen må starte opp.

### **2.3.3 Resultat**

Det må gjennomførast svært gode samarbeidsrutinar med både samarbeidsutvalet og oppsynet. Naturforvaltaren har all saksutgreiing om dispensasjon m.m. Alle fullmakter som etter vernereglane kan delegerast, er overført. Det er oppretta personleg kontakt med utøvarane i reindriftsnæringa. Det er fortsatt ein del konfliktar, særleg ved bruk av helikopter ved samling/driving av rein. Det er utarbeidd forskrifter for bruk av motorkjøretøy. Det vart nødvendig å skifte snøscooter, da den gamle var for tung å bruke for ein mann.

Vi har ikkje klart å rette opp den uheldige budsjettsituasjonen. Av driftskostnadene på kr 413.000,-, vart berre kr 250.000,- dekt over eige budsjett. Det er utarbeidd ein informasjonsfoldar som har fått stor omsetning. Arbeidet med å få all motorferdsel inn i lovlege former, har ikkje heilt lukkast. Det er laga ein detaljert uttale til regjeringsadvokaten i samanheng med erstatningssaka når det gjeld tolking av vernereglane og dispensasjonspraksis. Samarbeidsutvalet har avvikla 3 møte og gitt uttale i saka.

## **2.4 VEØY LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

Veøy landskapsvernombord vart oppretta i 1970, som landets første landskapsvernombord. Formålet med fredinga var å sikre eit historisk kulturlandskap med eigenarta naturmiljø kring gamle Veøy kirke og prestegard.

### **2.4.1 Mål**

Skjøtselen av kulturlandskapet på Veøya er vanskeleg, og må gjennomførast meir systematisk enn før. Maskinparken må ryddast for stein og stiftar, slik at all hausting kan foregå med traktor. Slaghaustar har vore prioritert lenge, men tilgangen på pengar har avgrensa innsatsen. Grunneigar Wilhelm G. Aamodt er død, og eigedomen er testamentert til Romsdalsmuseet. Betre informasjon om Veøy og samarbeid med den nye grunneigaren er nødvendig.

## **2.4.2 Tiltak**

Etter avtale med Molde kommune, disponerer vi vaktmeister i 3 mnd i vekstsesongen. Dette har gjort at arbeidet med maskiner og rydding kan utvidast, og drivast på ein meir rasjonell måtte enn før. Med ein fast tilsett som er maskinkyndig, kan det også kjøpast inn eigna hauseutstyr som vil effektivisere arbeidet.

## **2.4.3 Resultat**

Arbeidet med skjøtselen av kulturlandskapet på Veøya gjennomførast som planlagt. Dessverre er tilgangen på pengar noko mindre enn det som trengst til å restaurere dei areal som er attvokse med urskog. Det har derfor vore vanskeleg å nå alle mål som skjøtselsplanen for Veøya føreset. Vi er ikkje orientert skriftleg om eigarskifte, og det er derfor heller ikkje halde noko møte i tilsynsutvalet i 1990. Det er tradisjon at grunneigar er formann i tilsynsutvalet, og vi vil derfor kalle inn til møte så snart det blir barmark i 1991. Tilgangen på pengar set grenser for kva vi får utført pr. år når det gjeld restaureringa av kulturlandskapet, men det er klart at det går langt betre med ein fast, maskinkyndig mann enn tilfeldig hjelp. Vi vonar at samarbeidet med Molde kommune kan fortsette i åra framover.

## **2.5 NASJONALPARKUTREDINGA**

Statens Naturvernråd la fram si nasjonalparkutreding (NOU 1986:13) med forslag om nasjonalparkar i Sunndalsfjella, Reinheimen og Geiranger-Herdalsområdet. I tillegg vart det foreslått oppretta landskapsvernombude rundt nasjonalparkene. I 1988 sendte Fylkesmannen ut forslag om å opprette ein nasjonalpark og fire landskapsvernombude i Reinheimen, Rauma og Norddal kommuner, på høyring.

### **2.5.1 Mål**

I februar vart Fylkesmannens tilråding og oppsummering av høyingsrunden om opprettning av Reinheimen nasjonalpark og fire landskapsvernombude oversendt til Miljøverndepartementet (MD). I tilrådinga foreslo Fylkesmannen å utvide Romsdalen landskapsvernombude vesentleg utover det forslaget som gikk på høyring, slik at ny høyring må til. Målsettinga med det utvida verneforslaget var å sikre heilskapen i natur- og kulturlandskapet i Romsdalen.

### **2.5.2 Tiltak**

For å førebu ny høyring, vart det oppretta eit lokalutval som har halde 3 møte og ei synfaring. Det er og tatt initiativ til eit prosjekt for å finne løysingar på konfliktene mellom skogbruk og landskapsvern. Fylkesmannen har bede MD om å innføre rikspolitiske bestemmelser også for landskapsvernombude.

Når det gjeld dei andre aktuelle store verneområda frå nasjonalparkutgreiinga (NOU 1986:13), har det vore noko oppfølging i samband med enkeltsaker i dei aktuelle områda for å sikre verneinteressene. Det har vore fleire møte for å finne løysingar på utbyggingsplanar i Skrymtheimen (Sunndalsfjella), Turisthytter, alpinanlegg og hyttebygging. Det har ikkje vore reell framdrift i planene om ein nasjonalpark på Hustadvika, men stadige presseoppslug held saka varm.

### **2.5.3 Resultat**

Ein har fått til ei viss framdrift i arbeidet med å avklare konfliktene med skogbruksinteressene i Romsdalen. Fordi det enno er uavklarte spørsmål i høve til forvaltinga av landskapsvernombra og dei tilstøtande områda i Oppland som og er foreslått vernat, vart ikkje det utvida forslaget til landskapsvernombra i Romsdalen sendt ut på høyring.

## **2.6 FORVALTING AV VERNA OMråDER**

Prosesssen fram til endeleg vern av område er lang, men arbeidsmengden etter vern er enno større. Verneområde skal merkast opp med grensemerker og verneskilt, det skal etablerast ei oppsynsordning, og for mange av områda er det nødvendig med informasjonstiltak for ålmenta. I nokre av områda må ein og gå inn med skjøtselstiltak for å sikre eller restaurere verneverdiane.

### **2.6.1 Mål**

På grunn av pengemangel er det ikkje etablert oppsynsteneste i alle verneområda. Etter vår vurdering er dette svært uheldig, ikkje minst for å innarbeide et godt samarbeide med grunneigarane. Sluttfføring av arbeidet med grensegang/marking og opplysningsskilt i alle verna område, er topprioritert. Så langt pengane rekkjer, er det i tillegg rekna med ulike nødvendige skjøtselstiltak i dei mest utsatte områda. Dette gjeld i første rekkje Runde fredingsområde, der den store turisttrafikken fører med seg stor slitasje på naturen. Det er svært viktig å fortsette arbeidet med å etablere faste oppsynsordningar og å lage forvaltingsplanar i dei områda som kjem i konflikt med andre interesser.

### **2.6.2 Tiltak**

Om formålet med vernet skal holdast ved like, må det etablerast funksjonelle oppsynsordningar i det enkelte vernoombra. Derfor må det utarbeidast ein forvaltingsplan der kostnadene med oppsynet er vurdert med tanke på samordning av desse tenestene i oppsynsregionen. Mange av områda ligg slik til at det er svært vanskeleg, både med tanke på kostnad og effektivitet, å etablere felles oppsyn som omfattar fleire områda. Etter ei samla vurdering har vi planlagt at oppsynstenesta i fylket blir organisert i 22 regionar. Desse områda er lista opp i vedlegg 1. Samla kostnad for 1990 er kr 790.929,-. Budsjettet for 1991 er kr 1.033.800,-.

### **2.6.3 Resultat**

Som det vil gå fram av overståande, er det ikkje tildelt pengar nok til å etablere tilsyn i alle verneområda. Årsaka til det er at vi har nytta mykje pengar til å slutføre arbeidet med grensegang og merking. Dersom vi blir tildelt dei same summane i budsjettet for 1991, er det von om at oppsynstenesta i alle verneområde skal vere etablert.

### **2.7 INNGREPS- OG PLANSAKER**

Plan- og bygningsloven er eit sers viktig lovverk når det gjeld å styre inngrep og forvalting av areal og naturressursene våre. Miljøvernnavdelinga uttaler seg om arealplanar som blir utarbeidd av kommunane, og prøver å få kommunane til å ta rimeleg omsyn til natur- og miljø.

#### **2.7.1 Mål**

Etter virksomhetsplanen for avdelinga er det eit mål å betre forvaltinga av dei natur- og kulturverdiar som er knytta til kyst- og fjordområda i fylket, slik at omfang, funksjon og variasjon av desse verdiene kan oppretthaldast. Vi har såleis lagt større vekt på å unngå utbygging og andre naturinngrep i og ved overgangsona sjø-land, samt å sikre biologisk høgproduktive område som våtmark, elvemunningsområde, strandengar og andre naturelement av vesentleg verdi for dyre- og plantelivet.

Vi har vidare lagt vekt på at byar og tettstadar må utviklast med meir tilfredsstillande miljøstandard med omsyn til bummiljø, utbyggingsmønster, transportsystem, bustadnært friluftsliv, naturvernomsyn, mindre støy og luftforureining. I dette arbeidet er dei nye rikspolitiske retningslinjene for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga ein viktig reiskap for alle styresmakter.

Ved planlegging av større naturinngrep, vil dei nye føreseggnene i plan- og bygningsloven om konsekvensutgreiingar bli sentrale.

#### **2.7.2 Tiltak**

Miljøvernnavdelinga har først og fremst arbeidd for å nå måla gjennom førehavinga av kommuneplanar og reguleringsplanar. I tillegg kjem einskildsaker etter plan- og bygningsloven. I plansaker har vi lagt vekt på eit godt samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, planavdelinga. I samferdselssaker har informasjon om natur- og miljøverdiar til Statens vegvesen vore eit prioritert tiltak.

### **2.7.3 Resultat**

Miljøvernadelinga har ikke hatt kapasitet til å komme med innspel og følge opp samarbeidsplikta med alle kommunane.

Resultatet for miljø og natur ved forvalting etter plan- og bygning-sloven har variert, og nokre konfliktsaker måtte sendast MD for avgjerd.

For å dokumentere situasjonen, betre informasjonen og sikre ei meir samla forvalting og vern av elveutløpa i fylket, laga vi eit naturtilstandregister med kartvedlegg for 178 elvar.

Vi ser behov for at det i byane og tettstadene må leggast større vekt på meir samla planlegging både når det gjeld grøntstrukturnett, samfersel og byggjeområde. Med unnatak av betre vern om regulerte friområde, er framgangen liten.

Ein konfliktskapande faktor ved arealforvaltinga både i og utanfor tettstadene er at kommunane ofte legg ut alt for store byggjeområde i forhold til behovet.

Vegstyremaktene legg nå større vekt på natur- og miljøomsyn ved planlegging og utbygging av nye vegar. I vegsaker ligg det ofte føre eigne miljøvurderingar og offentlege framlegg til forskjellige traséalternativ. Dette er eit saksopplegg som det også er behov for i den kommunale arealplanlegginga.

### **2.8 INFORMASJON, EDNA/FRIDA**

EDNA er eit register over naturvernområder i fylket, og FRIDA er eit liknande register over friluftsområde.

#### **2.8.1 Mål**

Det er meiningsa at desse regisstra skal bidra til å auke kunnskapen om natur og friluftsliv både hos politikarar/-administrasjonane, og hos Ålmenta.

#### **2.8.2 Tiltak**

Det er stadig minna om dei kartfesta registreringane vi har sendt ut til kommunane under den løpende kontakten i plansaker og andre saker. Det er sett igang arbeid med å utarbeide informasjonstavler og brosjyrer for verneområda.

### **2.8.3 Resultat**

EDNA og FRIDA har vore i aktiv bruk, men det er ikkje gjort vesentlege oppdateringar da ein ventar på nytt databaseprogram. Utskrifter av dei digitaliserte områdegrensene på kart er vesentlege i intern saksbehandling, og dei blir flittig nytta i kommunane.

Det er utarbeidd informasjonstavle for Runde, samt manus til ein ny informasjonsfoldar. Informasjonsmateriell for 3 av våtmarksreservata er og under utarbeiding.

Det generelle informasjonsarbeidet har i 1990 som tidlegare, vore tilfeldig. Ein har etter beste evne prøvd å svare på spørsmål. Ved ein bevisst satsing på informasjon, kunne ein nådd mykje lengre i å skape ålmen oppslutning om dei måla ein arbeider etter.

### **2.9 TRUA OG SÅRBARE ARTAR**

Det praktiske naturvernarbeidet gjeld og omsynet til fåtalige og sjeldne plante- og dyreartar. Dette er artar av ulike kategoriar:

1. Direkte trua - er artar som står i fare for å døy ut eller bli utrydda. Dei har små sjansar til å overleve om negative faktorar får høve til å virke slik at livsmiljøet blir øydelagt, reproduksjonen sviktar eller den årlege døyinga aukar.
2. Sårbar - er artar i tilbakegang, men framleis i etter måten bra bestandar. Dette er artar som raskt kan gå over i gruppe 1 dersom eksisterande eller nye, negative faktorar får virke over tid.
3. Usikker - omfattar artar der kunnskapsgrunnlaget er därleg, men der det er grunn til å tru av negative faktorar har virka inn slik at bestanden er i tilbakegang.
4. Sjeldne - er artar som aldri har hatt store og tette bestandar fordi dei har spesielle miljøkrav. Dei opptrer ofte i anten tynne bestandar eller i svært avgrensa, geografiske område som gjer at dei lett kan bli påvirka av negative faktorar.

Den klimatiske og topografiske spennvidda i Møre og Romsdal gjev livslivkår for mange plante- og dyreartar som kjem inn under kategorien "Trua og sårbar". For nokre artar og grupper er kunnskapen om tilstanden innan fylket etter måten god. For mange, særleg lågareståande dyr, men og plantar eller plantegrupper, er det store manglar i kunnskapen.

Ei oversikt over nokre trua eller sårbare plantar og dyr som er å finne i Møre og Romsdal, er tatt med som vedlegg 2.

### **2.9.1 Mål**

Måla for arbeidet med trua og sårbare artar er:

1. Å skaffe fram tilfredsstillande kartlegging av det som finst av desse artane i Møre og Romsdal.
2. Klarleggje kva problem desse artane står overfor i fylket, kva som er den naturgjevne situasjonen og kva som truar.
3. Få ei forvaltungsmessig vurdering av korleis artar og bestandar kan tryggast.

### **2.9.2 Tiltak**

Med utgangspunkt i dei oversyn over trua og sårbare artar som finst i Noreg, vil det vere nødvendig:

- I. Systematisk å kartleggje artar, bestandar og utbreiing av dei ulike artane i fylket.
- II. Iverksette forvaltungsmessige tiltak for:
  - a) innarbeiding av omsynet til desse artane i arealbruksplanar generelt og i samband med ulike, mennesklege aktivitetar
  - b) fremme områdevern for lokalitetar og område som har særleg viktig funksjon for trua og sårbare artar
  - c) artsvern for aktuelle artar utafor områdefreda lokalitetar

Det er i arealplansaker og i ein del andre samanhengar, særleg vegbygging, skogsvegbygging og skogdriftplanar og lokalisering av fiskeoppdrettsanlegg lagt vekt på omsynet til sårbare og trua dyre- og fugleartar. I dei konkrete sakene er det ofte spørsmål om omsyn til hekkeplassar for havørn, koloniområde for sjøfugl og hiplassar for oter. I nokon mon er det og påstandar om skade på fiskeoppdrettsanlegg av toppskarv og gråhegre, som begge er blant dei norske fugleartane i denne gruppa.

Tiltak som er gjennomført er å finne som vedlegg nr. 3.

### **2.9.3 Resultat**

I alt blei det gjort undersøking av seks fugleartar og to pattedyrartar. Fire generelle overvakingsprosjekt blei også gjennomført i 1990. Sjå vedlegg 4.

### 3. FRILUFTSLIV

Møre og Romsdal har eit rikt tilbod på gode friluftsområde. Særleg er turområda av god kvalitet. Gode badeplassar er det færre av, og inne i fjordane er ofte elveosane dei einaste gruntområda som høver til bading. Båtutfarten i fylket er stor, og dei fleste kommunar har eller vil få tilbod om gjesteplassar i småbathammer. Opparbeidde landstigingsplassar på populære utfartsholmar er mangelvare, likeeins gode sanitærloysingar for båtfolket. Å sikre og tilrette nærområde for friluftsliv i byar og tettstader har høg prioritet i miljøforvaltinga. I praksis er dette eit vanskeleg arbeid, da mange av dei attraktive nærområda og er attraktive for utbyggingsformål.

Målsettinga med det offentlege friluftslivsarbeidet er å sikre attraktive friluftsområde mot uønska inngrep, og å bidra til at fleire kan suke friluftslivsaktiviteten sin.

For delar av Sunnmøre er det eit aktivt interkommunalt friluftsråd, som får gjennomført mange gode tiltak. Dei fleste kommunane legg lite arbeid i friluftslivssaker, og ein saknar ei organisering i interkommunale friluftsråd for resten av fylket.

Motorferdsel i utmark er eit lite problem i Møre og Romsdal. Kommunane har mynde til å gi dispensasjonar frå motorferdselsloven, og Fylkesmannen er klageinstans. 3-4 klagesaker vart behandla i 1990.

I dei aller fleste kommunane er motorferdsel i utmark eit lite problem. Fylkesmannen har tilsyn med dispensasjonspraksisen i kommunane. Nokre av kommunane fekk merknader, og 3-4 klagesaker vart behandla av Fylkesmannen.

#### 3.1 HANDLINGSPROGRAM FOR FRILUFTSLIVET

Handlingsprogram for friluftslivet omhandlar status for friluftslivet i Møre og Romsdal, og trekkjer opp dei generelle retningslinjene for offentleg friluftslivsarbeid. Handlingsdelen av programmet er budsjett for investeringar på friluftssektoren over ein fire-årsperiode. Handlingsprogrammet er utarbeidd og vert revidert av Miljøvern-avdelinga, og vert politisk behandla i Miljø- og planutvalet i fylkeskommunen.

##### 3.1.1 Mål

Målsettinga med Handlingsprogram for friluftslivet, er å informere kommunane om sentrale målsettingar i friluftslivsarbeidet, samt budsjettere dei statlege tilskottsmidlane til friluftsformål.

##### 3.1.2 Tiltak

Handlingsprogrammet fikk sin fire-årige revisjon i 1990 etter ein høyingsrunde i kommunane.

### **3.1.3 Resultat**

Høyringsrunden var ikkje oppløftande, da halvparten av kommunane ikkje svarte. Sjølv om dei årlege søknadene blir prioritert etter gjeldande budsjett i handlingsprogrammet, er det kvart år vesentleg sprik mellom plan og gjennomføring. Dels kjem dette av at kommunane ikkje greier å gjennomføre planlagte tiltak, dels kjem det stadig nye søknader der nokre blir behandla "utafør tur", særleg saker som gjeld slutføring av opparbeiding i tidlegare sikra område.

### **3.2 TILSKOTTSSAKER**

Det er framleis stor interesse og stort behov for statlege midlar til planlegging, sikring og opparbeiding av friluftsområde. Posteringsfullmaktene på kap. 1427 postane 31.2 og 62 dekkjer ikkje meir enn ca. 10% av søknadene.

#### **3.2.1 Mål**

Det er eit overordna mål at sikring av areal til friluftslivet skal prioriterast gjennom planføresegner i Plan- og bygningsloven, og ikkje ved kjøp av område. Prioritering av det enkle og lite kostnadskrevjande friluftslivet vil også føre til ei utvikling i den retning.

Målsettinga med tilskottsordningane for friluftslivet, er å sikre og tilretteleggje særskilt viktige område for friluftslivet. Fleire stader må det løvvast midlar for å få tilkomst til friluftsområde dersom friluftsbruken kjem i konflikt med grunneigarane sin bruk av områda. Det blir og løyvt pengar til planlegging av friluftslivstiltak.

#### **3.2.2 Tiltak**

Det er i alt fremma 2 søknader om heil dekking av utgifter ved kjøp av grunn på post 30, og 8 søknader om tilskott til kjøp på post 62. Til planlegging og opparbeiding er det fremma i alt 34 søknader om heil dekking av utgifter på post 31.1, og 42 søknader om tilskott på post 62. Dei fleste søknadene er til gode prosjekt i samsvar med hovudmålsettinga for arbeidet med friluftstiltak og ålmenta sin bruk av naturen.

#### **3.2.3 Resultat**

Dei fleste søknadene om kjøp av område er løyvt pengar i samsvar med tilrådinga vår til Direktoratet for Naturforvaltning (DN). Enkelte søknader er avslått p.g.a. kostnadsnivået, og andre fordi dei aktuelle areala kunne vore sikra med bruk av Plan- og bygningsloven.

Når det gjeld søknader om heil eller delvis dekking av utgifter til planlegging og opparbeiding, vart berre 9% tildelt pengar i 1990. DN har signalisert at det ikkje vil bli vesentleg auke i rammene i åra framover. Friluftsinntressene må derfor opprioriterast i kommunane sin arealplanlegging, og i andre etatars planer som har konsekvenser for friluftslivet.

## 4. VERN MOT FORUREINING

Møre og Romsdal er orientert mot sjøen. I ytre område er det mange øyar. Fjordane trenger seg innover og deler opp fylket ytterlegare slik at mesteparten av busetnad og aktivitet skjer nær sjøen. Dei åpne kystområda og dei større fjordsystema har vanlegvis gode straum- og utskiftingstilhøve, men er og delvis avstengde terskelfjordar og pollar som er svært sårbar for forureining. Vi har og mange store og fleire små vassdrag. Dei større vassdraga er gjennomgåande lite forureina. Dei mindre vassdraga er ofte påverka av utslepp. Spesielt gjeld dette i intensive jordbruksområde. Bortsett frå lokale effektar i samband med industri er det lite verknader av luftforureining i Møre og Romsdal. Aukande trafikk i kombinasjon med randbebyggjelse langs sterkt trafikkerte vegar fører til at relativt mange menneske er plaga med vegtrafikkstøy.

### 4.1 TILSTANDSRAPPORT VASSFORUREINING

Tiltak mot vassforureining blir bestemt på grunnlag av resipientforholda. Relativt gode resipientforhold i fylket fører til moderate krav til tiltak og høye til fortsatt vekst av visse næringar (fiskeoppdrett). Vår kunnskap om naturtilstand og forureiningsverknader er likevel svært avgrensa.

#### 4.1.1 Mål

Ut frå dei generelle måla for forureiningspolitikken her i landet, må arbeidet med tiltak mot vassforureining baseraast på å verne om naturen si evne til produksjon og sjølfornying, samt å sikre at forureining ikkje skader helsa til folk, evt. går ut over trivselen.

Det er utarbeidd kvalitetskrav for ferskvatn, avhengig av bruksmåte. For sjøvatn er det ikkje fastsett kvalitetskrav. Det vil såleis vere aktuelt å nytte "minst mogleg avvik frå naturtilstanden" som mål for mange vassforekomstar.

#### 4.1.2 Status

Dei fleste sjøområda i fylket er lite påverka av forureining. I mange terskelfjordar og pollar er det periodisk eller permanent kritiske øksygentilhøve i djupvatnet. Dette kan vere ein naturleg situasjon som i hovudsak er bestemt av fysiske forhold, eller det kan skuldast sivilisasatorisk påverknad i form av utslepp av kloakk og avrenning frå landbruk. Mange mindre vassdrag (innsjøar, bekkar) er vesentleg påverka av forureining og har redusert verdi når det gjeld vassforsyning, rekreasjon/friluftsliv (sportsfiske og anna). Forureiningssituasjonen er dei siste 10 åra blitt betre i mange vassdrag.

I tillegg til meir kjente verknader av forureining frå kloakk og landbruk, er m.a. Sunndalsfjorden sterkt påverka av utslepp frå industrien (Sunndal verk). I dette området skjer utsleppet i form av tjørestoff (PAH) som har ført til at folk blir frårådd å ete skalldyr og fisk som lever i fjorden.

I Aspevågen i Ålesund kommune er det i 1990 registrert at det framleis blir tilført nokså mykje giftige tungmetall (mellan anna kvikksølv), og situasjonen har ikkje endra seg sidan den førre granskings i området (1976-77).

Mange fryktar at spreying av smittestoff frå fiskeoppdrettsanlegg og bruk av antibiotika og kjemoterapeutika i desse anlegga påverker omgjevnaden i vesentleg grad, og ingen kjenner konsekvensen av denne forureininga.

I 1990 er det ikkje registrert oppblomstring av giftige blågrønalgar eller massiv oppblomstring av planktoniske algar i sjøen i fylket.

#### **4.2 KOMMUNAL KLOAKK**

Oppsummering av kommunale kloakkrammeplanar viser at det er nødvendig å investere meir enn 500 mill. 1990-kr. i oppryddingstiltak i fylket. Hittil har ein i hovudsak prioritert transportsystem og samling til hovudutslepp, medan det i dei nærmaste åra vil bli lagt meir vekt på reinsetiltak.

##### **4.2.1 Mål**

Den nasjonale målsettinga er å få gjennomført opprydding på kloakksektoren innan år 2000. Dette betyr sanering av utslepp, overføring til gode resipientar/utsleppstader og nødvendig reinsing. For utslepp til ferskvatn er det krav om høggradig reinsing, medan det for utslepp i gode sjøresipientar er krav om sil eller slamavskillar. Slammet frå reinsinga må disponerast slik at det ikkje fører til ulemper, helst utnyttast innafor jordbruket.

##### **4.2.2 Tiltak**

Kloakkutbygginga bør skje på grunnlag av planar og utsleppsløyve etter forureiningsloven. Ein vesentleg del av arbeidet i VAR-gruppa er å initiere kloakkrammeplanar, utsleppsøknader, samt gje utsleppsløyve og behandle finansieringssøknader for kommunale kloakkar. I 1990 blei det gitt tilskott til 7 nye kloakkrammeplanar og 2 revisjonar. Vidare blei det gitt tilskott om statleg finansieringsbistand til ei rekke oppryddingsprosjekt. Total kostnadsramme for desse var 25 millionar kroner. (Sjå vedlegg 5)

Den statlege finansieringsramma er framleis for knapp til å dekkje behovet i fylket, og den må auka for å oppfylle den nasjonale målsettinga om full opprydding før år 2000.

I 1990 blei det sett igang eit felles planarbeid med å få til løysingar for behandling av kloakkslam i fylket. Spesielt synest mobile eller stasjonære avvatningssystem å vere interessante.

I 1990 blei det vedtatt forskrift som sett krav om at arbeidsleiaraar for arbeid med kloakkkleidningar skal ha ADK1-sertifikat. Det blei oppretta kurstilbod på Vestnes Vidaregåande Skule.

#### **4.2.3 Resultat**

Dei fleste prosjekta som fekk tilskot i 1990, er sett igang. Dei inneber sanering av utslepp som fører til lokale ulemper og bygging av kloakkar der slike manglar eller ikkje har tilfredsstillande standard. I 1991 vil reinseanlegget på Åse i Ålesund bli sett i drift. Dette anlegget fekk nær 50 % av finansieringsbistanden i 1990, og vil føre til sterk reduksjon av utsleppa til Borgundfjorden.

### **4.3 LANDBRUKSFORUREINING**

Vårt fylke er blant dei som har har størst gras- og mjølkeproduksjon i landet. På mange gardsbruk utgjer derfor silopressaft og gjødsel eit alvorleg forureiningspotensiale for vatn og vassdrag.

#### **4.3.1 Mål**

Målsettinga er å få landbruket i økologisk balanse og få ei bærekraftig utvikling basert på miljøriktig ressursforvalting. Fylkesmannen har sett opp ei prioriteringsliste over vassdrag og sjøområde for tiltak i landbruket. På bakgrunn av denne prioriteringslista blir investeringsrammene for tekniske miljøtiltak i landbruket for fylket disponert. Dei mest kostnadseffektive tiltaka for å få bukt med forureininga blir prioritert først.

#### **4.3.2 Tiltak**

MD og Landbruksdepartementet avtalte i 1989 at den ytre landbruksetaten, dvs fylkeslandbrukskontoret og landbrukskontora i kommunane, skal få eit større ansvar for oppfølging av miljøvernsatsinga innafor landbruket. Miljøvernavdelinga har som følgje av dette endra tidlegare kontrollrutinar når det gjeld landbruksforureining.

Fylkesmannen gjennomførte i 1990 ei generell kartlegging av forureiningssituasjonen i mange vassdrag i fylket. Granskninga gir ei oversikt over vasskvalitet og tilgroing og vil bli fulgt opp over fleire år, spesielt for å registrere effektane av gjennomførte tiltak.

I 1989 kom det ny forskrift om husdyrgjødsel. Det blei sett forbod mot spreieing utanom vekstsesongen. Spreieing og umiddelbar nedpløyning er fortsatt tillatt. I 1989 blei det gitt generell dispensasjon til å spreie som før, men ikkje på snødekkja eller frozen mark. I 1990 delegererte Fylkesmannen mynde til å gje dispensasjon til jordbruksjefen i kommunen. Samstundes blei det laga retninglinjer for korleis gjødsla skulle disponerast.

#### **4.3.3 Resultat**

Overvaking av 74 vassdrag i 1990 viser eit svært godt resultat når det gjeld landbruksforureining. Det var tydeleg forureining i berre eit fåtal av vassdraga. Lite nedbør og dermed lite pressaft kan medverke til resultatet.

Hausten 1990 har jordbruksjefane gitt i underkant av 200 dispensasjoner frå spreieforbodet i § 5 i forskrift om husdyrgjødsel. Dei fleste dispensasjonane vart gitt i september og oktober og gjeld spreiening. Berre ein har fått dispensasjon til å leggje gjødsla i deponi fram til våren. Nokre av dispensasjonane er gitt på grunn av uhell med vatn i gjødselkjellaren. Over halvparten av alle dispensasjonane er gitt til gardbrukarar med for liten gjødsellagerkapasitet. Samstundes er det ei kjennsgjerning at mange gardbrukarar fortsatt disponerer husdyrgjødsla etter gamal praksis og ikkje slik at gjødselverdien blir best mogleg utnytta.

#### **4.4 FORUREINING FRÅ FISKEOPPDRETT**

Fiskeoppdrettsnæringa i Møre og Romsdal har vokse til å bli ei av dei viktigaste kjeldene for utslepp av organisk stoff og næringssalt til sjøen. I tillegg kjem utslepp av antibiotika, kjemoterapeutika og ulike kjemikalier som blir brukt i produksjonen.

Utslepp frå fiskeoppdrett til område med dårleg vassutskifting, kan gje oksygenmangel i djupvatnet, slamopphoping på sjøbotnen og lokale problem med algevekst.

Oppdrettsnæringa har eit stort problem med å handtere avfall frå produksjonen. Det meste av slakteavfallet blir ensilert og gjenvunne til anna dyrefôr, men framleis blir berre ein mindre del av dødfisken attvunne gjennom dei etablerte ordningane. Ein stor del blir grave ned på avfallsfyllingar, og ein må rekne med at ein del forsvinn på ein ukontrollert måte.

##### **4.4.1 Mål**

MD har sett som mål at oppdrettsanlegg ikkje skal etablerast med utslepp til sjøområde med dårleg vassutskifting, og ein skal vere svært restriktiv med å tillate utslepp til ferskvatn. Dette medfører at det ikkje vert etablert eller utvida anlegg med utslepp til sårbare terskelfjordar, pollar eller ferskvassresipientar.

MD har vidare sett som mål at gjenvinning av slakteavfall og dødfisk skal iverksettast så raskt som mogleg.

##### **4.4.2 Tiltak**

Dei fleste matfiskanlegga har fått nye utsleppsløyve i samband med flytting og drift med generasjonsveksling. Her er det tatt omsyn til at vassutskiftinga er tilstrekkeleg til å hindre lokale forureiningsproblem. Anlegg på usikre lokalitetar blir pålagt overvaking av forureiningssituasjonen.

Det vert lagt opp til registrering av førforbruk og produksjonskvantum for å rekne ut utsleppa. Alle matfiskanlegg blir pålagt å samle opp dødfisk og ensilere denne med tanke på gjenvinning til før.

#### **4.4.3 Resultat**

Det har ikkje blitt etablert nye eller utvida eksisterande fiskeoppdrettsanlegg på område der det er stor fare for at det oppstår forureining.

Anlegg med brot på utsleppsløyva har fått pålegg om å ordne forhold som t.d. dødfiskopptak og utbetring av utsleppsleidningar for settefiskanlegg. I ein del tilfelle blir det trua med forureiningsgebyr.

Stadig fleire matfiskanlegg har skaffa seg utstyr for opptak, ensilering og gjenvinning av dødfisk, men dekkingsgraden er framleis for liten. Ein del fiskeavfall blir brukt som gjødsel i jordbruket.

Mange settefiskanlegg har ikkje fulgt opp vilkår om evt reinsing og utslepp på ein fullgod måte.

#### **4.5 FORUREINING FRÅ INDUSTRI**

Fylkesmannen er forureiningsstyresmakt berre for fiskeforedlingasanlegg, men vi gir fråsegn til søknader om utsleppsløyve for prosessavløpsvatn som Statens forureiningstilsyn (SFT) behandler.

SFT er no inne i behandlinga av 2. generasjons utsleppsløyve for mange industribransjar, men framleis er det mange bransjar og bedrifter som ikkje er behandla i det heile.

##### **4.5.1 Mål**

Fylkesmannen tar sikte på å redusere lokale ulemper etter utslepp av organisk stoff og næringssalt frå fiskeforedlingasanlegga. Ein vil fjerne partiklar og feitt frå avløpsvatnet.

SFT bør harmonere sine krav til bedrifter med det som vert stilt til dei verksemde fylkesmannen behandler, og ein bør tilpasse krava til dei lokale resipientforholda.

Ein bør auke attvinnninga av fiskeavfall og anna organisk avfall.

##### **4.5.2 Tiltak**

Fiskeforedlingsindustrien må konsesjonsbehandlast etter forureiningsloven. Anlegg som slaktar og arbeider med laks og andre feite fiske slag bør prioriterast.

Det bør settast krav om gjenvinning av fiskeavfall til dyrefôr.

SFT bør prioritere problembedrifter og -næringer her i fylket.

#### **4.5.3 Resultat**

Vi har fått reinseanlegg ved ca. 10 fiskeforedlingsanlegg.

Storparten av alt fiskeavfall fra foredlingsanlegga blir attvunne. Slakteavfall fra husdyr blir attvunne, medan det framleis vert sleppt ut vesentlege mengder myse fra meieria.

#### **4.6 LUFTFORUREINING**

Vårt fylke er lite påverka av luftforureining, sur nedbør m.v. Det er likevel ein del lokale kjelder til luftforureining som kan føre til problem.

##### **4.6.1 Mål**

Målet med arbeidet mot luftforureining er å hindre skader eller ulemper på helse og miljø som skuldast luftforureining, samt å redusere forureininga til eit slikt nivå at det ikkje oppstår slike skader.

Dette vil innebere at nivået på luftforureining i dei mest utsette områda må bli redusert, slik at befolkninga ikkje opplever helseskader eller redusert trivsel. Det inneber vidare at utslepp til luft må bli redusert slik at fiskevatn og vegetasjon/skog ikkje blir skada.

##### **4.6.2 Tiltak**

Når det gjeld lokale kjelder til luftforureining, er det primært juridiske verkemiddel som blir iverksett for å redusere utsleppa. Det kan her nemnast konsesjonsbehandling av verksemder, forskrift om bly i bensin m.v. I samband med konsesjonsbehandling blir det sett krav om reinsing. Ei rekje stader blir det brent avfall (spesielt produksjonsavfall). Slik brenning blir ramma av det generelle forbodet i Forureiningsloven mot å forureine (§ 7) samt av kravet om at alt produksjonsavfall generelt skal bli brakt til godkjent avfallsanlegg (§ 32). I tillegg vil økonomiske verkemiddel bli nytta, som t.d. spesielle avgifter på blyhaldig bensin.

##### **4.6.3 Resultat**

På industrisida har Fylkesmannen generelt lite av oppgåver når det gjeld å redusere utslepp til luft. Vi er kjent med at SFT har innskjerpa reinsekrava til utsleppa frå Sunndal verk og til nokre andre verksemder i fylket. Her kan m.a. nemnast Molde Støperi A/S i Molde og Ringstad Farming A/S på Stranda. Som følgje av landsomfattande forskrift om blyinnhold i bensin, må ein rekne med blykonsentrasjonane langs sterkt trafikkerte vegar er blitt vesentleg redusert dei siste åra.

Ved oppfølging av enkeltsaker har mange kommunar og fylkesmannen påtalt uehdlig brenning av avfall hos verksemder. Desse sakene er ofte blitt meldt til fylkesmannen frå publikum, og det er grunn til å tro at ulempene fra slik brenning er blitt redusert etter dette.

#### **4.7 STØY**

Støyproblema er ikkje tilfredsstillande kartlagt i Møre og Romsdal. Det er registrert kor mange hus som har meir enn 65 dB(A) ved riksvegane (1200 hus og div. institusjonar). Vegtrafikkstøy langs fylkes- og kommunevegar er berre delvis kjent. Det er visse flystøyproblem næraast dei tre stamflyplassane i fylket. Fleire stader i fylket er det truleg omfattande støyproblem frå industrien. Dette kjem av at bustadhus og industri mange stader ligg nært inntil kvarandre.

##### **4.7.1 Mål**

MD har i eigne rundskriv formulert retningslinjer for støy frå vegtrafikk og flyplassar. Det er også retningslinjer for industristøy, samt forslag til retningslinjer for skytebanestøy.

For vegtrafikk og flyplassar skal støyspørsmål avklaraast ved utarbeiding av kommune- og reguleringsplanar. For industri og skytebaner skal også støyspørsmålet bli forsøkt løyst ved slike planar. Skytebaner og industristøy kan i tillegg bli konsesjonsbehandla etter forreiningsloven.

##### **4.7.2 Tiltak**

Fylkesmannen er fagmyndigheit for støy ved utarbeiding og godkjenning av kommune- og reguleringsplanar. Arbeidet med støyspørsmål går derfor i første rekke ut på å vurdere om slike planar inneholder nødvendige støyvurderingar og -omsyn. I 1990 har fylkesmannen godkjent ein ny leirdueskytebane etter særskilt delegasjon av avgjerdsmyndigkeit.

##### **4.7.3 Resultat**

Reguleringsplanar for nye bustadområde eller vegar blir ikkje godkjent utan at dei oppfyller dei støykrav som er fastsett i nasjonale retningslinjer.

## **5. AVFALL OG ATTVINNING**

Behandling av avfall har ikke vore vesentleg forskjellig i Møre og Romsdal i forhold til andre deler av Noreg. Enkelte avfallstypar er blitt gjenvunne i lang tid på eit reint kommersielt grunnlag.

### **5.1 FORBRUKSAVFALL**

Utvikling av den kommunale renovasjonen har skjedd gradvis og dekkjer i dag alle kommunar (dei fleste områda i kommunane). Behandlingsanlegg er blitt skifta ut til meir tidsmessige anlegg. I mange kommunar er det og sett igang innsamling av papir og glas for attvinning.

#### **5.1.1 Mål**

Målet for handtering av forbruksavfallet er tredelt:

- Avfallsminimering
- Attvinning av avfall når dette er gunstig m.o.t. forureining, ressursar eller økonomi
- Best mogleg behandling av restavfallet

Avfallsminimering vil først og fremst skje ved juridiske, økonomiske og informative verkemiddel nasjonalt (evt internasjonalt).

Attvinning av avfall vil måtte vere basert på ulike ordningar for sortering og innsamling av avfallsfraksjonar som det er interesse for å attvinne.

Same kva vil det vere nødvendig å behandle ein avfallsrest på ein slik måte at det ikke oppstår miljømessige ulemper.

#### **5.1.2 Tiltak**

Alle kommunar på Sunnmøre, unntatt Sande, leverer forbruksavfallet til Tafjord Kraftselskap sitt forbrenningsanlegg på Grautneset. Det er tatt i bruk gassreinseanlegg for å redusere utslepp til luft. I 1990 blei det sett i gang arbeid med å få etablert betre løysingar for slagg og oske frå forbrenningsanlegget.

I 1990 fekk private interesser godkjent ny avfallplass i Stranda kommune. Kommunestyret har seinare vedtatt ikkje å ta i bruk denne løysinga (i første omgang).

Rauma kommune sitt anlegg i Isfjorden har enno ikkje løyst problemet med sigevassutslepp i Istra. I 1990 blei det utarbeidd planer for oppsamling og infiltrasjon eller overføring til sjø. Det siste blei valgt.

Sommaren 1990 avslutta Kristiansund kommune fylllassen for forbruksavfall i Hagelin. Kristiansund og Frei kommunar leverer no forbruksavfallet til RIR sitt anlegg i Molde.

Arbeidet med å planleggje ei ny felles avfallsløysing for Indre Nordmøre og Kristiansund/Frei gjekk føre seg for fullt i 1990. Planarbeidet vil venteleg bli fullført i 1991.

Attvinnning av forbruksavfall er omtalt under pkt 5.1.

### **5.1.3 Resultat**

Store delar av fylket har tilfredsstillande ordningar for innsamling og behandling av forbruksavfall. Tafjord Kraftselskap sitt forbrenningsanlegg på Grautneset mottar forbruksavfall og brennbart avfall frå heile Sunnmøre (unntatt Sande kommune).

Sande kommune sin avfallslass på Larsnes fungerer tilfredsstillende. Likeså Vestnes Renovasjonselskap A/S sitt anlegg.

RIR sitt anlegg har fungert tilfredsstillende i 1990. På bakgrunn av tidlegare luktulemper og for å redusere utslepp av veksthusgass, vil det bli tatt initiativ til avsuging og forbrenning av søppelgassen.

Aukra kommune, Nesset kommune og Tingvoll kommune sine avfallslassar bør ikkje lenger motta forbruksavfall, evt må dei påkostast svært mykje. Likeså bør Surnadal kommune sin avfallslass erstattast.

Aure kommune sin avfallslass på Vingsternes blei i 1990 ikkje driven på ein tilfredsstillande måte.

## **5.2 PRODUKSJONSAVFAELL**

Situasjonen når det gjeld produksjonsavfall er avhengig av kva industribransjar som er i fylket. Både type avfall, mogleg felles behandling med forbruksavfall og mogleg attvinnning er ulik frå bransje til bransje. For enkelte avfallsgrupper er det gode løysingar med optimalt gjenvinning, for andre mindre gode ordningar, evt at det manglar forsvarlege løysingar.

### **5.2.1 Mål**

Målet for produksjonsavfall er det samme som for forbruksavfall, jf pkt 5.1. Potensialet for avfallsminimering og attvinnning er derimot større for produksjonsavfall enn for forbruksavfall. Det å få til ei best mogleg behandling av restavfallet er derimot vanskelegare enn for forbruksavfall, ut frå at det ikkje er noko tradisjon i å hente inn avfallet.

### **5.2.2 Tiltak**

Mange typar produksjonsavfall blir allereie attvunne på kommersielt grunnlag i dag (metall, slakteavfall, flis/spon, emballasje). Brennbart produksjonsavfall i rimeleg avstand til forbrenningsanlegget på Grautneset blir også brent. Produksjonsavfall som ikkje blir gjenvunne m.v., må tömmast på avfallsfyllingar, anten saman med forbruksavfall, eller på eigne grovavfallsfyllingar. I 1990 blei det sett i drift ny grovavfallslass for avfall i Stordal.

### **5.2.3 Resultat**

Mange typar produksjonsavfall blir idag attvunne, eller behandla på ein tilfredstilande måte. Mykje produksjonsavfall blir fortsatt brent eller deponert ved bedriftene eller på ulovlege lokale fyllingar.

### **5.3 SPESIALAVFALL**

Det har fleire år vore i drift godkjente operatørar for innsamling av spesialavfall. Dei siste åra er det og blitt etablert lokale mottak i mange kommunar.

#### **5.3.1 Mål**

Måla for arbeidet med spesialavfall er formulert i SFT sin langtidsplan for 1990-93. Ut frå desse måla skal det innan 1993 vere etablert tilstrekkeleg behandlingstilbod for spesialavfall basert på best tilgjengeleg teknologi. Likeeins skal ein innan 1994 oppnå 90 % innsamling av spesialavfallet som blir omfatta av leveringsplikt, og innan 1994 skal det m.a. bli rydda opp i dei verste tilfellene av miljøskade som kjem frå tidlegare avfallsdisponering.

#### **5.3.2 Tiltak**

Det blir no bygd opp et eige system for mottak, innsamling og behandling/disponering av spesialavfall her i landet (det s.k. "spesialavfalls-systemet"). Systemet er basert på at spesialavfall levert ved lokale mottak, til innsamlingsaksjonar m.v. blir transportert til sentrale behandlingsanlegg evt. store mellomlager som er oppretta for å betjene heile landet. Gjennom gradvis oppbygging av systemet vil andelen av spesialavfall som blir tatt hand om på forsvarleg vis, auke. Den tilsvarande blindmengda som ein ikkje veit kor blir av, vil bli redusert tilsvarande. Det er ofte denne ukjende disponeringa av spesialavfall som medfører dei største miljøulempene (ukontrollert brenning av spillolje, deponering av avfall ute i naturen m.v.). I tillegg vil det både gjennom eigne forskrifter og retningslinjer samt gjennom informasjon til hushaldningar og næringsliv, bli arbeidd for å styrke medvitet hos den einskilde når det gjeld å handtere spesialavfall slik at ikke naturen tar skade av det.

#### **5.3.3 Resultat**

Det er i 1990 oppretta (eller søkt godkjenning av) fleire nye mottak for spesialavfall. Følgjande anlegg er i funksjon eller under godkjenning (ordna etter kommunenr., evt. anleggs- stad står i parentes):

Iver B.Kjørsvik, Årøseterveien 2B, 6400 MOLDE  
Kristiansund kommune, 6500 KRISTIANSUND (Hagelin)  
Ålesund kommune, Rådhuset, 6025 ÅLESUND (Bingsa)  
Miljørens A/S, Emblem, 6013 ÅLESUND (Flatholmen)  
Vest-Miljø A/S, 6060 HAREID (Brandalstranda)  
Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6100 VOLDA (Hovden Ind. område)  
Brødrrene Haugen Transport, Fyllingen, 6030 LANGEVÅG  
Vestnes Renovasjon A/S, 6390 VESTNES (Øveråslia)  
Rauma kommune, 6300 ÅNDALSNES (Uteseksjonen Øran Vest)

Dei 8 første månadene av 1990 blei det mottatt om lag 1000 tonn spesialavfall i Møre og Romsdal, av dette utgjer ymse typer oljeavfall om lag 90 %.

I 1990 gjennomførte SFT, ved hjelp av Noregs Geologiske Undersøkelse (NGU), ei kartlegging av spesialavfall i deponi og i forureina grunn i fylket. Granskinga viste at er det behov for å gjennomføre snarlege granskingar og evt. tiltak ved 2 lokalitetar og generelt behov for granskingar ved 13 lokalitetar (av omtrent 100 lokalitetar).

#### **5.4 ATTVINNING**

Mange typar produksjonsavfall er blitt attvunne på eit kommersielt grunnlag. Attvinnning av forbruksavfall har inntil dei siste år berre skjedd i mindre målestokk.

##### **5.4.1 Mål**

Attvinnning av avfall er eit viktig delmål for avfallsbehandlinga, jf pkt 5.1. Ulike former for attvinnning av avfall skal vurderast gjennomført i denne rekjkjefølgje: - ombruk - direkte og indirekte materialattvinnning - energiutnytting

##### **5.4.2 Tiltak**

På grunn av stor interesse blant befolkinga og interessegrupper er det spesielt i 1990 etablert ordningar i mange kommunar for innsamling og mottak av glas og papir frå hushaldningane. Dette har på mange måtar pressa seg fram uavhengig av eller trass i leveringsproblem. I enkelte kommunar er det også etablert kjeldesortering og særskilt innsamling av papir basert på eit sekkesystem (Hareid, Herøy, Kristiansund, Tingvoll, Ulstein).

I 1990 fortsatte arbeidet med å få etablert ei ordning for attvinnning av matavfall frå storkjøkken i kommunane omkring Rauma (inkludert Molde og Ålesund). Dette matavfallet representerer ein forverdi nok til å føre opp 2000 grisar pr år. Prosjektet blir venteleg realisert i 1991.

Fylkesmannen ba våren 1990 alle kommunane utarbeide ein avfallsplan innan 1992. Seinare har Stortinget vedtatt at kommunane skal lage ei plan for kjeldesortering av avfall innan samme frist.

##### **5.4.3 Resultat**

Vedlegg 6 viser kva kommunar som har organisert mottak eller innsamling av papir.

Vedlegg 7 viser oversikt over innsamla bilvrak i 1990 (og 1989).

Etter at forbrenningsanlegget i Ulstein blei lagt ned, skjer energiutnytting av forbruksavfall berre ved forbrenningsanlegget til Tafjord Kraftselskap. Anlegget produserer i dag 70 GWh varme. Berre 20 GWh blei selt.

## **6. FISKEOPPDRETT**

Møre og Romsdal er tredje største fylke i landet innan fiskeoppdrett målt etter talet på konsesjonar og produksjon. Næringa omfattar 101 matfiskanlegg for laks og aure og 64 settefiskanlegg som er i drift. I tillegg er det gitt 83 konsesjonar for oppdrett av marine artar, der få av anlegga er i kommersiell produksjon.

Problema som knytter seg til fiskeoppdrett, grip inn i heile fagspekeret på miljøvernnavdelinga. I strategisk plan for 1990-1993 er derfor temaet fiskeoppdrett knytta til fire av dei seks hovudmiljøutfordrингane i fylket. (Vassdrag, avfall, laks og kyst- og fjordområde).

### **6.1 NYE LOKALITETAR**

I 1990 behandla fylkesmannen 54 søknader om konsesjon for nye lokalitetar, samdrift og utvidingar for matfiskanlegg for laks og aure. Det har vore behandla to settefisk- og tre sjørøyesaker og fem saker for marine artar. I tillegg er det behandla 31 andre saker som klagesaker, fiskespærre i vassdrag, fråsegner m.v. Totalt har vi frårådd etablering i 10 av sakene, men vi har i praksis avklart mange saker før søknad er sendt, slik at nye og mindre konfliktfylte lokalitetar er valt.

Fylkesmannen støttar at ein prøver nye måtar å drive næringa på, slik at sjukdomsproblema kan komme under kontroll. Bruk av antibiotika og overføring av fiskesjukdommar til elvane heng nært i hop med dette.

#### **6.1.1 MÅL**

Fylkesmannen har forvaltingsmynde etter Forureiningsloven, og skal foreta ei vurdering av eventuelle skadeverknader på økosystemet ved ei etablering av oppdrettsanlegg. Utifrå dette prøver ein å lokalisere opne merdanlegg i sjø til gode resipientar og unngå etablering i avstengde sjøområde og terskelfjordar. Det vert heller ikkje gjeve løyve til utslepp til ferskvatn. Anlegg som driv på lokalitetar med for dårleg resipientkapasitet, skal flyttast til betre resipientar. Unødige forureiningsulemper i samband med slakteavfall og dødfisk, skal snarast råd reduserast ved at ressursen i første rekke vert gjenvunne til for eller nytta som gjødsel. (sjå elles kap 4)

Fylkesmannen skal ivareta dei allmenne interessene ved å unngå at det vert gitt konsesjon for oppdrettsanlegg som kan vere til skade for naturvern-, friluftsliv-, vilt og fiskeinteressene. Fylkesmannen er berre rådgjevande overfor Fiskerisjefen når det gjeld konfliktar med dei allmenne interessene. Det må derfor leggast vekt på eit nært samarbeid med oppdrettarar, fiskerisjef og fylkesveterinar for i første rekke å unngå søknader i konfliktområde ved bruk av informasjon, eller redusere eventuelle skadar ved tilpassing til lokaliteten, teknisk utforming etc.

### **6.1.2 Tiltak**

1990 har vore sterkt prega av søknader i samband med innføring av "Sunnmørsmodellen". Den nye måten å drive fiskeoppdrett på, inneber i hovudtrekk at årsklassane skal vere adskilt på eigne lokalitetar, slik at det ikkje skal vere mogleg med aktiv smitte via drifta mellom lokalitetane. Kvart anlegg treng tre lokalitetar for å drive veksels bruk og effektiv sanering av lokalitetane etter utslakting. Avstanden mellom kvar lokalitet bør vere minimum 2 km innanfor ei indre saneringssone, medan det bør vere minimum 5 km til neste sone.

Vi har lagt ned eit omfattande førebyggjande arbeid med å vurdere aktuelle lokalitetar i forkant av søknadene ved møter med oppdrettarane. Dette har vi gjort utifrå tilsendte, førebelse søknader og ved utsending av liste over omsøkte lokalitetar med førebels vurdering til fiskerisjefen.

For å redusere arealbrukskonflikten, har vi avgrensa utsleppsløyva til 10 000 m<sup>3</sup> pr. konsesjon pr. lokalitet innafor totalramma på 12 000 m<sup>3</sup>. Det er også sett opp ein driftsplan for enkeltanlegg eller anlegg som driv samdrift, slik at ein har oversikt over kva for lokalitet det er fisk på.

I alt 13 matfiskanlegg er kontrollert saman med fiskerisjefen og fylkesveterinæren. For å handheve vilkåra i utsleppsløyva, har det vore gjeve åtte pålegg der forureiningsgebyr har vore nytta i fem tilfelle. Eit oppdrettsanlegg er meldt til politiet for brot på forureiningslova og eit for brot på lakse- og innlandsfiskelova og vassdragslova.

### **6.1.3 Resultat**

Mange av matfiskanlegga for laks og aure fekk nye utsleppsløyve i løpet av året med innskjerpa krav til avfallshandtering og ein treårsplan for disponering av lokalitetane. Nye lokalitetar er i stor grad lagt til gode recipientar, og der det har vore mogleg, er utsleppsløyver for gamle "dårlege" lokalitetar trekt attende.

Ved å arbeide meir offensivt overfor oppdrettarane, har ein i ein del tilfelle unngått at det er sendt inn søknader på lokalitetar der det er store konfliktar med dei allmenne interessene. Vi har m.a sendt førebelse vurderingar, kart over t.d. vilt- eller naturvernområder for å synleggjere konflikten.

I tre saker har vi frårådd lokalisering i viktige viltområde, utan at vi har fått medhald hos fiskerisjefen. Vi er lite nøgd med at oppdrettsforvaltinga nedprioriterer verneinteressene i så viktige saker, og vil arbeide for at denne praksisen blir endra.

## **6.2 FØREBYGGING AV SJUKDOM**

Fylkesveterinæren står fremst i kampen mot fiskesjukdommar. Men også mange tilhøve som blir regulert av Forureiningsloven, har mykje å seie for sjukdomsbiletet.

93 matfiskanlegg og 25 settefiskanlegg hadde påvist furunkulose ved utgangen av året. I tillegg var sjukdommen BKD påvist i 11 settefisk-

anlegg. Frå matfiskanlegga rømte 58 000 stk laks av ulike årsaker, og det er truleg at rømt oppdrettsfisk overfører furunkulose til laksevassdraga. Ni av vassdraga fekk påvist furunkulose, medan sju hadde mistanke om sjukdommen. Fiskesjukdommen ILA er førebels ikkje påvist i vårt fylke.

Omfattande problem med furunkulose og mangel på effektiv vaksine, fører til høgt forbruk av antibiotika. I tillegg til skadeverknadene pga av rømming av fisk er ringverknadene ved bruk av antibiotika truleg det største miljøproblemet i samband med oppdrett av laks og regnbogeaure i vårt fylke.

#### **6.2.1 Mål**

Problema knytt til sjukdom og bruk av antibiotika i anlegga skal utifrå våre vermekiddel reduserast ved at anlegga blir lokalisert til gode resipientar, pålegg om hyppig dødfiskoptak og tilfredsstillande dødfiskhandtering. Vi må arbeide for å auke kunnskapen om verknadene av antibiotika- og kjemoterapeutika som vert ført ut i sjøen.

Skadeverknadene ved rømming av fisk skal avgrensast til det minimale ved rømmingssikre anlegg og beredskap på anlegga for gjenfangst av rømt fisk.

#### **6.2.2 Tiltak**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal tok opp problema med etablering av oppdrettsanlegg for sjørøye utanfor utbreiingsområdet med Direktoratet for Naturforvalting (DN). Nye retningslinjer for behandling av slike saker vart sendt ut til alle fylkesmenn i 1990, og DN går generelt imot oppdrett av sjørøye i sjøanlegg utanfor utbreiingsområdet for sjørøya.

Fylkesmannen har deltatt i Møllerutvalet (avgrensing av produksjonen) og Gjenfangstutvalet. Vi har også deltatt i eit avfallsutval på fylkesnivå. I Møre og Romsdal er det oppretta eit kontaktutval ved navn "Kontakt- og Klareringsutvalet for Havbruksaker" (KKH) der fylkesveterinæren, fiskerisjefen, fylkesmannen, kystverket, fiskeridirektoralets kontrollverk og oppdrettarlaget er representert. Utvalet fungerer også som helse- og miljøgruppe, og har ført til eit relativt nært samarbeid mellom dei forvaltingsnivåa som er sentrale når det gjeld oppdrettsaker. Utvalet har vore eit eigna forum for å utveksle synspunkt i konfliktsaker.

#### **6.2.3 Resultat**

Etter innføring av skjerpa krav til dødfiskhandtering og disponering, har det vore ein vesentleg auke i antal anlegg som har skaffa seg utstyr for opptak, ensilering og gjenvinning av dødfisk. For mykje av avfallet hamnar i fyllingar.

Som eit resultat av nye retningslinjer for behandling av saker om oppdrett av sjørøye og vedtak i KKH, har vi no fått innført krav om rømmingssikring som skal kontrollerast av fylkesmannen, fylkesveterinæren og fiskerisjefen før oppdrett av røye i landanlegg får starte opp.

Etter det første året med bruk av Sunnmørsmodellen i matfiskanlegga, er erfaringane våre noko blanda. Vi meiner at det har vorte lagt for stor vekt på å ha skilde lokalitetar i høve til andre viktige element som dødfishandtering, veterinærteneste og smittehygienisk skilje i drifta. Det har dessutan vore for lite samarbeid og samlokalisering i ein del kommunar. Dette har ført til at svært mange lokalitetar er tatt i bruk, og pga. tidspress vart det gjeve mange løyve før kommunar og lokalbefolkinga fekk vurdere søknadene. Dette har skapt mange unødige konfliktar, og bør ikkje skje seinare år.

#### **6.2.4 Andre tilhøve**

Nye krav til sikring av inntaksvatn i settefiskanlegga mot passiv smitte frå anadrom laksefisk, førte til at ein ny konflikt såg dagens lys i 1990. Settefiskanlegg med vassinntak frå vassdrag med oppgang av laks eller sjøaure, får ikkje omsette fisken uten helse- og opprinnel-sesattest frå veterinærstyresmaktene. For å sikre vasskjelda mot slik smitte, vert det i enkelte tilfelle bygd sperrer med gitter eller demning for å hindre at fisken kan passere vassinntaket. Slike tiltak vil effektivt kunne utrydde lokalt tilpassa stammar av anadrom lakse-fisk slik at genmateriale går tapt. Utifrå dei alvorlege konsekvensane inngrepa kan føre til, har sakene høg prioritet.

## **7. FORVALTING AV FERSKVASSFISK**

Møre og Romsdal med sine vel 150 registrerte laks- og sjøaureførande vassdrag, er eit av landets største fylke i denne samanhengen. I tillegg fins det over 22000 vatn, dei fleste er av interesse i samanheng med sportsfiske.

### **7.1 FISKET ETTER LAKS OG SJØAURE**

Fisket etter laks og sjøaure har i mange år vist ei negativ utvikling. Dette gjeld både i sjø og elv. Ei grafisk framstilling av fangststatistikken for åra 1980 - 1987 er vist i vedlegg 8.

#### **7.1.1 Mål**

Forvaltinga sitt mål er å ta vare på alle stammar av laks og sjøaure slik at livsmiljøet deira ikkje vert därlegare. Laks- og sjøaurestammane må beskattast på ein måte som gjer at produksjonspotensialet i vassdraga blir utnytta best mogleg.

#### **7.1.2 Tiltak**

Det er gjennomført ei rekke tiltak for å regulere fisket i elv og sjø slik at beskattinga blir meir bestandsretta enn tidlegare. Det kan her nemnast: forbod mot drivgarnsfiske, utviding av årsfreding i fiske med krokgarn, utviding av vekfredinga i fisket med kilenot og krokgarn, nedsenkingspåbod for alle hobbyfiskegarn i sjøen med maskestorleik over 35 mm i sommarhalvåret, innkorting av fiskesesongen i vassdrag og restriksjonar i bruken av fiskereiskap i vassdrag.

#### **7.1.3 Resultat**

Det er enno for tidleg til at ein med visse kan syne til resultat i fangststatistikk. Det er likevel påfallande at det i fleire vassdrag er fanga laks i storleiksgruppa 3 - 5 kg (mellomlaks) enn på svært mange år. I tillegg vert det hevdat at gjennomsnittstorleiken på sjøauren har gått opp dei siste to åra i ei rekke vassdrag.

### **7.2 FORENLING OG HARMONISERING AV FISKEFORSKRIFTENE**

Fisket etter laks, sjøaure og innlandsfiske blir regulert m.a. ved ei rekke forskrifter. T.d. er fredingssoner i sjøen utanfor vassdrag (munningsfredingssoner) regulerte i hovudtrekk ved ei forskrift for kvar sone. Forskriftene er skipa over ein periode på meir enn 100 år, og dei er ikkje like i utforming eller innhald. Talet på forskrifter, og nyansar i innhald og ordlyd har gjeve grunnlag for store problem både for oppsyn og fiskarar.

### **7.2.1 Mål**

Det er eit klart mål at ein bør forenkle fiskeforskriftene og redusere mengda mest mogleg. Dette vil styrke respekten for forskriftene som regulerer fisket. Det vil også hjelpe Ålmenta til å orientere seg om kva som er lovleg og ikkje lovleg i samband med utøving av yrkesfiske og sportsfiske etter ferskvassfisk.

### **7.2.2 Tiltak**

Fylkesmannen har i første omgang tatt føre seg forskriftsverket for fredingssoner utanfor laks og sjøaureførande vassdrag. I tillegg er det sett på behovet for utviding av eksisterande soner og etablering av nye.

### **7.2.3 Resultat**

Eit forslag har vore ute til høyring. Til no har ein hatt 47 forskrifter med heimel i kgl. res., som regulerer fredingssoner utanfor laks og sjøaureførande vassdrag i Møre og Romsdal. Det vil no bli utforma ei forskrift for slike soner i fylket. Denne forskrifta vil omfatte til saman 95 vassdrag.

## **7.3 SØKNADER OM LØYVE TIL STAMFISKE ETTER LAKS OG SJØAURE**

Fylkesmannen er delegert mynde til å gje dispensasjon frå forskriftene i lov om lakse- og sjøaurefisket m.a. når det gjeld fiske etter stamfisk. Denne mynda gjev høve til å styre kultiveringsaktiviteten i det einskilde vassdrag, samstundes som ein kan gje nødvendig informasjon om korleis ein skal hindre spreiling av uønska stammer og arter av ferskvassfisk.

### **7.3.1 Mål**

Fylkesmannen ser det som eit mål å innrette tilhøva kring stamfisket og kultiveringa av dei einskilde fiskestammene slik at ein kan byggje opp livskraftige fiskestammer. Dette vil gje grunnlag for auka produksjon og auka verdi for fisket etter laks og sjøaure både når det gjeld avkasting i form av kg fisk og i form av rekreasjonsverdi.

### **7.3.2 Tiltak**

Løyve til stamfiske vert i hovudsak gjevne til lag eller foreiningar. Det vert knytta vilkår til løyvene for å tilpasse driftsrutinar i kultiveringsaktiviteten og mengde rogn/yngel som samsvarer med eit fagleg grunnlag fiskebiologisk sett. Det vert i tillegg ofte drøfta med veterinærstyresmaktene korleis ein best skal kunne ta omsyn til dei ulike farer/ utfordringar som er knytt til slik aktivitet.

### **7.3.3 Resultat**

I 1987 vart det gjeve stamfiskeløyve for 22 vassdrag, mens det i 1989 og i 1990 vart gjeve løyve for 28 vassdrag. I ei rekke vassdrag er laksestamma så svak at det har vore store problem med å skaffe nok stamfisk. Stamfisket har og tatt sikte på å imøtekjemme DN sitt behov for rogn til genbank og levande genbank for laks.

Oversikt over resultat i tal på fisk ved stamfiske for åra 1988 - 1990. Resultata frå 1990 ligg enno ikkje føre.

År	Innvilga		Resultat		Resultat i %	
	Laks	Aure	Laks	Aure	Laks	Aure
1988	1110	855	424	173	38	20
1989	1210	280	893	129	74	46
1990	1155	185				

### **7.4 TRUSSELEN RØMT OPPDRETTSFISK**

Dei siste tre åra er det rømt oppdrettsfisk frå merdanlegg i sjøen i Møre og Romsdal. Berre vinteren 1988/89 rømte det fleire fiskar enn talet på samla innsig av vill-laks til landet. Frå fagleg hald vert det sterkt åtvara mot følgjene som desse rømmingane kan få for dei ville stammene av laks og sjøaure. At rømt fisk spreier sjukdom og at denne fisken kan ta del i naturleg reproduksjon i elvane, er no kjent frå ei rekke vassdrag. Ein er m.a. redd for at dette kan føre til ei utarming av dei genetiske kombinasjonane som er knytt til den einskilde stamma av laks.

#### **7.4.1 Mål**

Redusere mengda av rømt oppdrettsfisk og søke å redusere faren for at denne fisken kan gje ein uheldig innverknad på villfisk av laks og sjøaure.

#### **7.4.2 Tiltak**

Det arbeidast med nye reglar for drift og sikring av oppdrettsanlegg i sjø. I tillegg er nye reglar for mottiltak når fisk rømmer under utarbeiding. Det har synt seg at kunnskapsnivået og rutinar ved drift av oppdrettsanlegg ikkje er gode nok. Desse tilhøva prøver ein å betre på ved informasjon og motivasjon i tillegg til at ein arbeider for eit betre regelverk for klekking og oppdrett av fisk.

### **7.4.3 Resultat**

Førerels kan ein ikkje påvise nokon tendens til betring i situasjonen for dei ville stammene av laks og sjøaure. Dette sett på bakgrunn av den trusselen oppdrettsnæringa representerer for desse ville fiskeartene.

### **7.5 FAGLEG ENGASJEMENT NASJONALT OG INTERNASJONALT**

På bakgrunn av dei spesielle tilhøva ein har i Møre og Romsdal når det gjeld forvalting av laks og sjøaure, har ein funne det ønskjeleg og formålstenleg å ta del i nasjonalt og internasjonalt samarbeid.

#### **7.5.1 Mål**

I tillegg til at fiskeforvaltaren har blitt engasjert/oppnevnd av MD og DN i ymse arbeidsoppgåver, har ein ved slik aktivitet det mål at ein i auka grad skal bli i stand til å handtere dei problema vi har i forvaltinga av ferskvassfisk i fylket. Eit klart mål er å snu den negative utviklingstendensen ein har i fisket etter laks og sjøaure i elv og sjø.

#### **7.5.2 Tiltak**

Fiskeforvaltaren har i 1990 vore representant for fiskeforvaltarane i landet i NASCO, og har i denne samanhengen vore med i den norske delegasjonen til eit møte i Helsingfors. Fiskeforvaltaren har vore oppnevnt i eit utval som har hatt som mål å utgjere spørsmål knytt til gjenfangst av rømt oppdrettsfisk ("Gjenfangstutvalget"). Vidare har fiskeforvaltaren i tillegg til å ha tatt del i ei rekke fagmøte og konferansar vore på ein studietur til USA (Utah) med formål å få eit betre fagleg grunnlag for å gjennomføre tiltak for utrydding av lakseparasitten Gyrodactylus salaris.

#### **7.5.3 Resultat**

"Gjenfangstutvalget" har avslutta arbeidet sitt. Ei innstilling frå utvalet med forslag til nye forskrifter kjem ut til høyring i 1. halvår 1991. Studieturen til USA ga ei rekke nye idear til tiltak for utrydding av lakseparasitten G. salaris. I tillegg vart det knytta kontakt med mange forvaltarar og biologar som ga inspirasjon og kunnskap som vil komme til nytte på fleire område.

### **7.6 OVERVAKING AV LAKS OG SJØAUREBESTANDANE.**

Det er ei kjensgjerning at mange av fylket sine bestandar av laks og sjøaure er svake og av den grunn lett påverkelege i negativ retning. Årsakene kan vere å finne i tilhøve som har med sjukdom, parasittar, vassdragsregulering, overbeskatting osb å gjere. Ein har funne det nødvendig å skaffe betre grunnlag for å kunne fastslå utviklingstendensen i den einskilde bestanden. Det er no valt ut 6 vassdrag (referansevassdrag) fordelt over fylket, kor det årleg blir gjennomført granskningar for å få eit mål på produksjon pr. arealeining av laks og sjøaure. Desse vassdraga er : Velledalselva (Sykkylven), Ørstaelva og

Bondalselva (Ørsta), Vistdalselva (Rauma), Oselva (Molde) og Moaelva/Sylte-elva (Fræna). Granskingane blir gjennomført i samarbeid med NINA. I samband med overvaking av lakseparasitten *G. salaris* blir det årleg granska ei rekke vassdrag.

#### **7.6.1 Mål**

Det har ofte vist seg at det er nødvendig å ha eit stadig betre fagleg grunnlag for å kunne forvalte det einskilde vassdraget sine fiskestammer på ein best mogleg måte. Overvakainga har m.a. som mål å få fram ein oversikt over sjukdomssituasjonen hos ferskvassfisk i fylket.

#### **7.6.2 Tiltak**

Prøvefiske med elektrisk fiskeapparat vert årleg gjennomført i ei rekke vassdrag. Slike prøver blir tatt på faste stasjonar, slik at ein skal kunne påvise endringar over tid. I dei utvalde referansevassdraga vert prøvene tatt årleg på fleire stasjonar, men i samanheng med overvaking av fiskesjukdomar, da særleg *G. salaris*, vert prøvene tatt etter ei fagleg prioritering. I nokre vassdrag tar ein t.d. prøver tre gonger pr. år, mens det i andre blir tatt prøver kvart tredje år. Ei oversikt over overvakingsaktiviteten er synt i vedlegg 9.

#### **7.6.3 Resultat**

I 1990 blei det tatt kontrollprøver i 77 vassdrag. Totalt blei det gjennomført 151 prøver. Arbeidet blir gjennomført i samarbeid med veterinarstyremaktene. I 1990 vart det påvist *G. salaris* i enda eit vassdrag i fylket, nemleg i Storelva, Tingvoll kommune.

### **7.7 LAKSEPARASITEN GYRODACTYLUS SALARIS**

Etter det ein kjenner til i dag er *G. salaris* den største trusselen laksebestandane våre har blitt utsette for. Ein frykter at fleire stammer av laks vil bli utrydda. Til saman 19 vassdrag er eller har vore ramma av denne parasitten her i fylket. I heile landet er talet på infiserte vassdrag 34.

#### **7.7.1 Mål**

Det rår brei einigkeit om at ein må prøve å stanse spreieninga av denne parasitten, likeeins at utbreiingsområda skal reduserast og i størst mogleg grad utryddast frå dei angripne vassdraga.

#### **7.7.2 Tiltak**

I arbeidet som vedkjem *G. salaris* her i fylket, blir det i størst mogleg grad tatt sikte på å følgje planane som kjem fram i "Handlingsplan for tiltak mot lakseparasitten *G. salaris*" utarbeidd av DN. Bruken av stoffet rotenon, som tar livet av fisk, har vist seg effektivt for å utrydde parasitten. Med det ein kjenner til i dag, er det ikkje mogleg å utrydde parasitten utan at ein for ein periode og fjernar verten, nemleg laksen. Til saman er tre personar engasjerte i arbeidet med overvaking av og tiltak mot denne parasitten.

### **7.7.3 Resultat**

I tillegg til at DN sin handlingsplan for tiltak mot *G. salaris* er følgd her i fylket, har dei tre engasjerte samt fiskeforvaltaren tatt del i førebuing av og tiltak mot parasitten i Lakselva i Nordland. Tiltaka mot denne parasitten synest lovande. Ei oversikt over vassdrag i fylket som er eller har vore infiserte av *G. salaris*, er vist i vedlegg 10.

Pr. d.d. er etter det ein kjenner til 11 vassdrag infiserte av *G. salaris*. Tiltak for å bli kvitt parasitten er gjennomført i 8 vassdrag, og eit vassdrag er til no erklaert parasittfritt. Ei grafisk framstilling av oppfylgjinga av DN sin handlingsplan her i fylket til no er vist i vedlegg 11.

### **7.8 SIKRING AV TRUA FISKESTAMMER**

Som tidlegare omtalt, er det ulike grunnar til at ei rekkje stammer av laks, men og nokre aurestammer, er trua med utrydding. Etter det ein i dag kjenner til, har kvar elv sin særeigne stamme.

#### **7.8.1 Mål**

Det er dei siste to åra tatt sikte på å sikre dei mest verdfulle og dei mest trua stammene av laks i fylket. Målet er å ta hand om desse stammene inntil tilhøva i dei respektive vassdraga tillet naturleg reproduksjon.

#### **7.8.2 Tiltak**

I samarbeid med DN er laksestamma i 24 vassdrag i fylket representerte i "Genbank for laks". Dette er ei lagring av arveanlegg i form av nedfrysing av melke. I tillegg er 9 laksestammer i fylket representerte i DN sin "Levende genbank for laks" på Haukvik, Hemne kommune i Sør-Trøndelag. Dette er eit anlegg kor ein tar sikte på å halde ulike stammer av laks sikra ved generasjonsveksling.

#### **7.8.3 Resultat**

Sjølv om den einskilde laksestamma ikkje er tilstrekkeleg representert i dei to typane genbank til at ein kan seie at bredden i genvariasjonen i stamma er sikra, er likevel i hovudsak fleire av våre mest trua laksestammer no mellombels trygt forvara.

### **7.9 KARTLEGGING AV FERSKVASSFISKRESSURSEN I FYLKET**

Møre og Romsdal har store ressursar knytt til laks, sjøaure og innlandsfisk. Det finst dverre inga oversikt over artsutbreiing, produksjon, avkastingspotensiale, organisering, tilgjenge til sportsfiske osb.

### **7.9.1 Mål**

Fylkesmannen har som mål å komme igang med ei ressurskartlegging når det gjeld ferskvassfisk i fylket. Fleire fylke er i ferd med å gjennomføre ei slik kartlegging, og nokre fylke er allereie ferdige med den første kartlegginga. Det har synt seg at ei slik kartlegging er nødvendig for å kunne gjennomføre ei god forvalting av ferskvassfisk, og dei interesser som er knytte til denne ressursen .

### **7.9.2 Tiltak**

Det er gjennomført eit førearbeid til ei ressurskartlegging i fylket. Finansieringa av eit slikt ressurskartleggingsprosjekt må delvis skje ved hjelp av eksterne midlar. Prosjektet antas å vare i minst to år.

### **7.9.3 Resultat**

Dei første resultata vil ikkje ligge føre før tidlegast om eit år. Det heile er avhengig av økonomiske midlar og kvalifisert arbeidskraft.

## **8. VILTFORVALTING**

Alle viltlevande landpattedyr og fuglar, amfibiar og krypdyr blir definert som vilt. Viltloven av 29. mai 1981 slår fast at alt vilt er freda, med mindre noko anna er fastsett i loven eller ved vedtak etter loven.

### **8.1 VERN OM VILTARTANE OG DEIRA LEVEOMRÅDE**

Vern om artsrikdom og produktivitet står i formålsparagrafen til viltloven, og har følgjeleg høgste prioritet innafor viltforvaltinga.

#### **8.1.1 Mål**

Sikring av leveområde for samlege viltartar både for å halde på dei artane som er trua eller sårbare, og for å halde ein god produksjon på dei artane som er talrike.

#### **8.1.2 Tiltak**

Første utgåva av Naturatlas - vilt, blei ferdig 15.04.89. Etter denne tida har vi samla inn nye data til viltkartet for å sikre at det er mogleg å ta omsyn til viltinteressene ved planleggjing av arealbruk. Overvaking av bestandane av trua og sårbare artar i samarbeid med ideelle organisasjonar er og ein viktig del av arbeidet.

Ei lang rekke kommune- og reguleringsplanar samt større regionale planar for arealbruk, er behandla ut frå omsynet til viltet. Det blir og gitt råd om plassering av akvakulturanlegg i høve til viltinteressene. Samarbeid med skogbruksstyresmaktene og skogeigarforbundet for å få til eit viltvennleg skogbruk er styrka i året som gjekk. Samtlege søknadar om statstilskott til skogsvegar er vurdert ut frå viltomsyn.

#### **8.1.3 Resultat**

Det er samla inn og systematisert ei lang rekke nye opplysningar til viltkartet. Hovudvekta av dei nye opplysningane gjeld sjøfugl og trua og sårbare artar.

Det er arbeidd inn omsyn til viltet i fleire kommunale- og reguleringsplanar. Samarbeid med skogbruksstyresmaktene og med skogeigarlaget er betra.

## **8.2 FAGLEG STYRKING AV VILTNEMNDENE OG KOMMUNANE**

Til no har det vore dei statlege viltnemndene i kvar kommune som har vore forvaltingsinstans for vilt på kommunalt nivå. Prøveprosjektet med miljøvern i kommunane ( MIK ) har mellom anna ført med seg at vi har communal viltnemnd i ein kommune.

### **8.2.1 Mål**

Viltnemndene og kommunane må få betra kunnskap om viltforvalting. Opp-læring i saksbehandling, vurdering av arealsaker og storviltforvalting har høgaste priorititet.

### **8.2.2 Tiltak**

Det blei halde eit fellesmøte for viltnemndene over ein dag. Gjennom fellesmøte og kurs blei det lagt stor vekt på forvalting av hjortevilt, reglar for motorisert ferdsel i utmark og informasjon om Noreg sin rovviltpolitikk.

Telefonisk rettleiing skjedde gjennom heile året.

### **8.2.3 Resultat**

Det har vore få utskiftingar av sekretærar for viltnemndene i fylket. I sju viltnemnder fungerar leiaren som sekretær.

Informasjonen som blei gjeve på fellesmøte og ved telefonisk rettleiing, har gjeve resultat, men dette er vanskeleg å måle.

## **8.3 MÅLRETTA STORVILTFORVALTING**

Vi har produktive bestandar av både hjort, rådyr, elg og villrein her i fylket. Hjorten er breidd ut over heile fylket, mens dei andre artane har ei meir avgrensa utbreiing. Rådyr og elg spreier seg til stadig nye område.

### **8.3.1 Mål**

Bestandane av dei ulike artane må tilpassast næringsgrunnlaget slik at ein kan hauste maksimalt av bestandane på lang sikt, utan at det blir valda vesentleg skade på næringsverksemd. Det må arbeidast for å få til ei meir heilheitleg forvalting over større område i såkalla hjorteviltregionar.

- Målet med hjorteforvaltinga vil i første rekke vere å optimalisere jaktuttaket utan at det blir valda vesentleg skade på næringsverksemdu.

- Det må sikrast at rådyret får spreie seg ut til dei områda i fylket der det har naturlege føresetnadar for å leve. Elles er det eit mål at jakta skal ta ut meir av det overskotet som blir produsert i rådyrbestandane i staden for at harde vintrar, trafikkulukker o.a. regulerer bestandane.
- Det må sikrast at elgen får spreie seg ut til dei områda i fylket der den har naturlege føresetnadar for å leve. Ei slik utbreiing må ikkje stoppast ved for hard jakt i det som i dag er marginalområde for utbreiinga.
- I Snøhetta villreinområde har menneskeleg aktivitet skapt store problem for reinen. Ei utfordring her blir å auke dyretalet i den vestlege delen av området samt å betre høve til trekk mellom aust- og vestområdet. Slik det ser ut, vil vern om områda dyra trekkjer gjennom samt jaktpolitikk vere beste måten å byggje opp att Snøhettaområdet på. Talet på dyr i stamma må haldast på eit slikt nivå at vinterbeitene ikkje blir utarma.
- Ottadalsområdet har ikkje dei same problema som Snøhettaområdet, men også her vil det vere viktig å halde på det arealet som reinen nyttar, sikre trekkrutene og regulere talet på dyr i høve til vinterbeitene.

### **8.3.2 Tiltak**

Informasjon til viltnemndene og til dei som har problem med viltskade og behandling av søknader om erstatning eller førebyggjande åtgjerder. Utsending av brosjyre om hjorteviltforvalting i fylket med spesiell vekt på førebyggjing av skade.

Det blei lagt stor vekt på informasjon om forvalting av hjortevilt på fellesmøte for viltnemndene. I november blei det halde eit kurs om rådyrførvalting. Kurset gjekk over to dagar, og det var Skogbrukskrets kursinstitutt som sto for kurset. Samlede viltnemnder var inviterte.

Oppsummering av opplysningar "frå sett-elg skjema" blei send alle viltnemnder og elgveld i fylket.

Oppsummering av resultat frå innsamling av kjever og kjønsorgan frå hjort i kommunane Surnadal, Rindal, Aure og Halsa 1989 blei send alle viltnemnder og dei som hadde tatt del i innsamlinga. Undersøkinga viser at det ikkje er endringar i kondisjon og formeringsevne hos hjorten på nordmøre samanlikna med resultat frå 1983 og 1985.

Rettleiing av viltnemnder og villreinnemnder samt deltaking på møter både i villreinnemnder og årsmøter for villreinutval.

Utprovning av registreringsmetodikk for å kunne vurdere slitasje på vinterbeite for hjort.

Telefonisk rettleiing skjedde gjennom heile året.

### **8.3.3 Resultat**

Viltnemnder, villreinnemnder og jaktrettshaverar får stadig betre grunnlag å ta avgjelder på. Villreinforvaltinga kviler på det beste grunnlaget, men forvaltinga av elg, hjort og rådyr blir og stadig betre fundert.

Utprøving av ei registrering av beiteslitasje på vinterbeiter for hjort er i hovudsak ferdig.

Det ser ut til at rådyra etter kvart blir noko betre utnytta. Fellingsstatistikk for storvilt for 1990 og 1989 er vist i vedlegg 12.

### **8.4 BETRE ÅLMENTA SITT JAKTTILGJENGE**

Jaktretten er knytt til grunneigarretten. Bortimot halvparten av jegepane her frå fylket eig ikkje grunn som gir høve til jakt. Det gjer at det er trøng til ulike utleigeordningar for at ålmenta skal få høve til å jakte.

#### **8.4.1 Mål**

Alle viltartar som produserar eit overskot som det er forsvarleg og lovleg å hauste av, bør kunne jaktast på i ein størst mogleg del av utbreiingsområdet i fylket av flest mogleg jegerar.

#### **8.4.2 Tiltak**

Informasjon til grunneigerarar, viltnemnder og kommunar for å få til organisering av jaktområde slik at ålmenta sitt høve til å drive jakt blir betra.

Rapport frå ei spørjeundersøking blant jegerar i Møre og Romsdal 1986 blei ferdigstilt, og arbeid med ei brosjyre med bakgrunn i det same materialet blei starta opp.

#### **8.4.3 Resultat**

Auka satsing frå grunneigararar, viltnemnder og kommunar for å leggje til rette for småviltjakt for ålmenta. Det gjeld både organisering og informasjon om kva område som er tilgjengelege.

### **8.5 REDUKSJON AV KONFLIKT MELLOM VILT OG AKVAKULTUR**

I visse situasjonar kan vilt gjere skade på akvakultur. Dei fleste typane av skade er det likevel lett å vergje seg mot dersom ein brukar tid og pengar på det.

### **8.5.1 Mål**

Akvakulturanlegg må ikkje plasserast slik at dei kjem i område der det på førehånd er mykje vilt som kan valde skade på drifta.

Dersom det blir plassert slik at det blir utsett for skade, må skade som ein hovudregel avvergast gjennom førebyggjande åtgjerder som til dømes nøter over og rundt merdene og ulike skremselstiltak, og ikkje ved avliving av vilt.

### **8.5.2 Tiltak**

Ved uttale til nye konsesjonar for akvakultur skreiv vi fråsegner om spesielle problem som kan oppstå med vilt. I nokre høve frårådde vi etablering av akvakultur. Det blei og gjeve råd om førebyggjande åtgjerder.

I 1989 blei det nær ved eit fiskeoppdrettsanlegg skote fleire gråhegrer i ein hekkekoloni fordi gråhegra skal ha valda vesentleg skade for fiskeoppdrettet. Avlivinga skjedde utan at det blei søkt viltnemnda om løye.

Etter førespurnad frå påtalemakta ga vi ei fråsegn til saka ut frå dei faktiske opplysningane som lå føre og anna informasjon som kunne opplyse saken. Saken kom opp i Herredsretten i 1990, og viltforvalta-ren stilte som vitne for påtalestyresmakta.

Tiltalte blei frifunne i Herredsretten. Saken blei derfor anka, og endeleg dom låg ikkje føre ved utgangen av året.

### **8.5.3 Resultat**

Folk har blitt meir klar over kva som kan gjerast for å hindre vilt i å gjere skade.

## **8.6 ROVVILTREGISTRERINGAR OG ROVVILTSKADE PÅ BUFE**

Vi reknar bjørn, jerv, ulv og gaupe som store rovdyr. Her i fylket er det jerven som er den mest talrike, idet vi har del i den einaste livskraftige jervestamma i Sør-Noreg. Vi reknar ikkje med at vi har hatt verken bjørn eller ulv her i fylket dei siste åra.

### **8.6.1 Mål**

Få best mogleg oversyn over kva vi har av dei ulike rovviltaartane og kartleggje kva skade dei gjer på bufe. Arbeide for å redusere konfliktane mellom rovvilt og bufehald.

### **8.6.2 Tiltak**

Informasjon gjennom viltnemnder, presse, informasjonsmøte og direkte kontakt med ein skildpersonar.

Innsamling og vurdering av rovviltnemningar for å betre oversyn med kva vi har av rovvilt. Undersøking av kadaver av bufe for å finne kva som var årsak til at dyra har dødd.

Vi gav ut rapport om rovviltnemningar og skade som freda rovvilt valda på bufe i åra 1987 - 1989.

I 1990 er det berre undersøkt kadaver av sau med unntak av eit kadaver som var elg. Heile 72 kadaver er undersøkt. Dette er om lag like mykje som dei tre føregåande åra til saman. Oversyn over rovdyrnemningar og kadaverundersøkingar er gitt i vedlegg 13.

Samarbeidet med fylkesmennene i Oppland og Sør-Trøndelag om forvalting av jerv i Dovre/Rondane-regionen heldt fram. Fleire kadaver blei obduerte for å finne ut om det var rovvilt som hadde avliva dyra.

Dei tre fylkesmennene som har forvaltingsansvar innafor Dovre/Rondane jerveforvaltings- område, hadde delegert mynde til å sette i verk fellingsstillatelse på inntil ein jerv dersom jerven valda vesentleg skade på bufe. I siste delen av beitesesongen gjorde jerven vesentleg skade på sau i Grøvudalen/Svarthaugen-området i Sunndal kommune. Det førte med seg vesentleg auka arbeidsmengde i den tida det blei vurdert å sette i verk jakt på ein jerv i skadeområdet.

DN greip inn og tok frå fylkesmannen mynde til å sette i verk jakt på jerv i Sunndal kommune. I staden blei det løyvd kr 75.000,- i tilskot for å dekkje ekstra arbeid med tidlegsanking og ekstra forkostnadar fram til ordinært sanketidspunkt. Midlane blei fordelt av Fylkesmannen i samråd med dei saueeigerane som blei råka av skadeproblemet.

### **8.6.3 Resultat**

Haldningsendringar er vanskelege å måle, men vi trur at det etter kvart er auka forståing for at rovvillet er ein del av den norske naturen.

Rovviltnemningane frå 1990 passar inn i det same mønsteret som har vist seg tidlegare år. Skade på bufe av freda rovvilt var svært ulikt det som har vore dei siste åra. Hovudendringa frå tidlegare var den konsentrerte skaden av jerv i Sunndal kommune. Oversyn over rovviltnemningar og kadaverundersøkingar er vist i vedlegg 14.

Etter sporregistrering i regi av NINA våren 1989 blei det konstaterert minimum ni jerv på eitt år og eldre innafor Snøhettaområdet, og minimum fire jerv på eitt år og eldre i kringliggjande område. På grunn av vertilhøva var det ikkje råd å få til liknande teljing i 1990.

## **8.7 JEGEROPPLÆRING**

Frå og med 1. april 1986 måtte alle førstegongsjegerar ta jegerprøva for å kunne jakte lovleg. Her i fylket er det viltnemndene som står for avviklinga av den teoretiske jegerprøveeksamenen. Jeger- og fiskerforbundet står for utdanning av instruktørar til den praktiske delen av jegerprøva, medan ulike studie forbund står for det obligatoriske praktiske kurset.

### **8.7.1 Mål**

Sikre at alle som er interesserte i å ta jegerprøva får tilbod om å ta ho rimeleg nær der dei bur.

### **8.7.2 Tiltak**

Informasjon om jegerprøva og utsending av jegerprøvemateriell til viltnemndene og studieorganisasjonar.

### **8.7.3 Resultat**

Jegerprøveavviklinga fungerte tilfredsstillande. Om lag 500 kandidatar gjekk opp til teoretisk eksamen. Eksamens blei avvikla i 33 av dei 38 kommunane i fylket.

## **8.8 BETRING AV JAKTMORALEN**

Samfunnet sine krav til korleis jakt skal utøvast står i § 19 i viltloven. Der heiter det mellom anna at jakt og fangst skal skje på ein slik måte at viltet ikkje blir utsett for unødig lidning. Som ei vidare oppfølging av dette er det bestemt at alle som jaktar etter elg, hjort eller rådyr, må ha tilgang på prøva sporthund frå og med 1. januar 1994.

### **8.8.1 Mål**

Betre jaktmoralen slik at jakta skjer på ein måte som gjer at viltet ikkje lir unødig, og slik at jakta blir akseptert av samfunnet som ein god måte å hauste av overskotet på.

### **8.8.2 Tiltak**

Oppmøde jegerar om å nytte hund på jakt slik at skadeskote vilt kan finnast og bli avliva raskt og effektivt. Støtte opp om ulike organisasjonar som driv trening av sporthundar.

### **8.8.3 Resultat**

Utbreilinga av sporthundar og organisert trening av desse har auka. Fleire viltnemnder har aktivisert seg i arbeidet med å få sporthundar i bruk på storviltjakt og til ettersøk av trafikkskadd vilt.

### **8.9 BEHANDLING AV KLAGER PÅ VEDTAK I VILTNEMNDENE**

Forvaltingslova er mellom anna til for å sikre den einskilde mot overgrep frå det offentlege. Alle enkeltvedtak som viltnemndene gjer, kan klagast på, og det er fylkesmannen som er klageinstans.

#### **8.9.1 Mål**

Syte for at vedtaka som dei ulike viltnemndene gjer, er i tråd med informasjonene i dei lovane og reglane dei er sett til å styre etter. Sikre at ålmenta kjenner til den retten dei har til å klage på enkeltvedtak.

#### **8.9.2 Tiltak**

Informasjon til viltnemndene på fellesmøte og kontakt med ein skildpersonar - hovudsakleg over telefon.

Behandling av 13 klager på vedtak fatta av viltnemndene.

#### **8.9.3 Resultat**

Stadig fleire kjenner til reglane i forvaltingslova, og stadig fleire nyttar seg av høve til å klage på vedtak som viltnemndene gjer når dei ikkje er samde i vedtaka.

### **8.10 KONSESJONSBEHANDLING AV HJORTEVILTOPPDREFTTSAKER**

Forskrift om oppdrett av hjortevilt i innhegning tok til å gjelde 1. september 1989. Forskrifta legg opp til ein omfattande høyringsrunde ved søknad om etablering av slike anlegg.

#### **8.10.1 Mål**

Syte for at reglane blir kjende, og at søknader om etablering blir behandla etter reglane.

### **8.10.2 Tiltak**

Informasjon om regelverket til vilt nemndene og til Ålmenta.

Behandling av tre ulike søknader om oppdrett av hjort i innhegning. Desse søknadene gjaldt eit anlegg i Stranda, eit i Nesset og eit i Tustna.

### **8.10.3 Resultat**

Reglane for etablering av oppdrett av hjortevilt i innhegning har blitt etter måten godt kjende.

Ingen av dei tre søknadene om etablering av hjorteoppdrett i innhegning blei innvilga.

## **8.11 BEHANDLING AV SØKNADER OM MIDLAR TIL LOKALE VILTTILTAK**

Jegerar betalar kvart år inn jegeravgift. For jakt på hjort, elg og villrein blir det betalt inn fellingsavgifter. Saman med inntektene av fallvilt, hovudsakleg trafikkdrept storvilt, utgjer dette hovudinntektene til viltfondet. Møre og Romsdal fekk kr 453.000,- frå viltfondet i 1990 til lokale vilttiltak.

### **8.11.1 Mål**

Fordeler midlane på den måten som tjener viltet og jegerane best mogleg på lang sikt.

### **8.11.2 Tiltak**

Innhenting av synspunkt på fordeling av midlane frå foreiningar og frå arbeidsutvalet for vilt nemndene. Fordeling av midlar og oppfølging av dei ulike prosjekta som fekk midlar.

### **8.11.3 Resultat**

Midlane til lokale vilttiltak blei brukt på ein tjenleg måte for viltet og jegerane.

## 9. ADMINISTRATIVE TILHØVE

